Ulvik herad

Perla i Hardanger



# Budsjett og økonomiplan 2026-2029

2026

# Innhaldsliste

1 Ulvik ....................................................................................................4
2 Stab ....................................................................................................54
3 Oppvekst ....................................................................................................67
4 Helse og velferd ....................................................................................................74
5 Samfunn og plan ....................................................................................................88

# 1 Ulvik

## 1.1 Heradsstyrevedtaket

### Vedtakstekst

**Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Ulvik heradstyre godkjenner framlegg til budsjett for 2026 og økonomiplan for 2027-2029 med desse føresetnadane:
1. Budsjett for 2026 og økonomiplan for 2027-2029 vert vedteke slik det går fram av vedlagte budsjett- og økonomiplandokument.
2. Framlegg til rammer for fordeling av driftsutgifter til politisk nivå, kommunedirektørnivå og driftseiningane vert godkjent slik dette går fram av økonomiplandokumentet.
3. VA-avgifter på vatn og kloakk leggjast til faktisk sjølvkost som vedteke i eigen sak.Gebyrhefte vedlagt til informasjon.
4. Ekstraløyving til miljøterapeuten til skulen vert avvikla.
5. Kyrkja tildelast midlar lik budsjettsats for 2025, med endring som framgår av vedtak i eigen sak.
6. Ulvik herad tek sikte på å innføre eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 3 bokstav a frå og med skatteåret 2027. Dette inneber arbeid med utgreiing av eigedomsskatt på næringseigedom, bustader og fritidsbustader, samt takseringsarbeid i 2026.
7. Investeringsbudsjettet for Ulvik herad for 2025 vert godkjent med ei totalramme på kr 65 268 500 og eit låneopptak på inntil kr 52 448 634. Det vert ikkje teke opp nye startlånmidler.
8. Vanleg skatt på inntekt og formue vert fastsett lik høgaste sats Stortinget godkjenner.
9. For eigedomsskatteåret 2026 skal det skrivast ut eigedomsskatt på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum jf. eigedomsskattelova §3 første ledd, bokstav c.
10. Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2025 er 7 promille, jf. eigedomsskattelova §11 fyrste ledd. Utskriving av eigedomsskatt for skatteåret 2026 er basert på takster vedtekne ved siste alminnelege taksering gjennomført i for skatteåret 2025.
11. Takstvedtekter for eigedomsskatt i Ulvik herad vedtekne i heradstyremøte desember 2024 skal gjelda for eigedomsskatteåret 2026, jfr. eigedomsskattelova §10.
12. Eigedomsskatten vert skriven ut i to terminar, jf. eigedomsskattelova § 25 fyrste ledd.
13. Det vert ein auke i betalingssatsane for kommunale tenester frå og med 1. januar 2026. Dette gjeld for dei tenester me sjølv kan prisjustera utan å koma i konflikt med statlege føringar og/eller sjølvkostprinsipp. For avgifter - vatn og avløp (sjølvkost) vert det vist til vedtak i eigen sak, og vedlagt gebyrhefte. For renovasjon vert det vist til vedtak i BIR Voss-Hardanger.

• Betalingssatsane for tenester i helse- og omsorg vert auka i tråd med vedlagt gebyrhefte. Dette gjeld ikkje der ein må ta omsyn til statlege føringar i høve endringar i forskrift frå departementet eller anna. Auken gjeld frå 1.1.2026 der ikkje anna framkjem av heftet eller av forskrift.
• Betalingssatsane for tenester på skulen vert auka med 3,7%. Dette gjeld ikkje der ein må ta omsyn til statlege føringar i høve til endringar i forskrift frå departementet med verknad frå 01.01.2026.
• Betalingssatsane for tenester i barnehagen vert auka til det som regjeringa

føreslår som maksimalpris for ein heiltidsplass i barnehage. Andre satsar i barnehagen er auke etter sjølvkostprinsippet.
• Husleigesatsane i kommunale utleigebustader er sett opp med 4%, der dette let seg gjera utan å koma i konflikt med gjeldande kontraktar eller husleigelov.
• Betalingsatsar for byggjesak og matrikkellov aukast i tråd med sjølvkostprinsipp i fylgje vedlagt oversikt. Dette gjeld ikkje der ein må ta omsyn til statlege føringar i høve til endringar i forskrift frå departementet med verknad frå 01.01.2026.
14. Ulvik herad tek ut utbytte frå Hardanger Energi AS som vedteke av styret i Hardanger Energi AS for 2026.
15. I tråd med HST-vedtak 035/22 er godtgjersle til ordførar for 2025 fastsett til 75% av godtgjersle for stortingsrepresentant, som per 01.05.2025 utgjer kr 911 233. Varaordførar får 10% av dette, kr 91 123.
16. Finansielle måltal, etter ny kommunelov §14-2 vedtakast i høve punkt 4.1 i økonomiplandokumentet.
17. Føresetnadar for budsjettet, etter ny kommunelov §14-4 vedtakast i høve punkt 4.2 i økonomiplandokumentet.
18. Erstatningskraft seljast til spotpris og nyttast til finansiering av straumkostnadar på eigne bygg.
19. Konsesjonskraft for 2026 er førehandsseld til 62,3øre/kwh.
20. Brakanes skule omgjerast frå 10-delt skule til 9-delt skule.
21. Sparetiltak og tilhøyrande omstilling godkjennast i tråd med punkt 4.5.1.1 i budsjett- og økonomiplan.

## 1.2 Innleiing

### 1.2.1 Uttale frå kommunedirektøren

**Kommunedirektørens innleiing**

Gjennom 2025 har fokuset på krevjande kommuneøkonomi halde fram, og Ulvik herad har kjent dette sterkt, både gjennom utviklinga i løpet av året, og ikkje minst undervegs i budsjettarbeidet. Budsjettprosessen for 2026 og økonomiplanperioden 2026–2029 har vore prega av stramme rammer, høge kostnader som må reduserast og eit vedvarande behov for å leita etter ekstraordinære inntekter. Me ser framleis liten moglegheit for å byggja opp fond, tvert imot, og dette utfordrar finansieringa av nødvendige investeringar som mellom anna ny barnehage, sentrumsutvikling og brannstasjon. Stadig dyrare tenestekjøp, nye lovkrav og forskrifter, samt minstenormer på ulike tenester gjer at me i stadig mindre grad har rom for å levera tilbod som skapar trivsel og attraktivitet, fordi me ikkje kan prioritera vekk dei statlege pålegga.

Driftsresultatet for 2026 endar negativt, hovudsakleg grunna auka løyvingar over nærings-fonde og store kostnader knytt til enkeltvedtak innan helse og barnevern.

For 2027 ligg me an til eit så vidt positivt resultat, takka vera heilårsverknad av sparetiltaka og at evt investering i ny barnehage enno ikkje gjev fullt utslag. Likevel er det klart at, dersom det vedtak om å byggja ny barnehage, så går me godt over tilrådd nivå for låneopptak, og kjem difor ikkje i posisjon til å byggja opp disposisjonsfondet i vesentleg grad. Budsjettet for 2026 er i balanse, men krev justeringar ved evt endringar under politisk handsaming.

At det trengst ein stor innsats med barnehagebygget er det ingen tvil om. I skrivande stund er det ikkje gjort politisk vedtak om kva som skal gjerast - dvs om det skal byggast ny barnehage jf tilbod etter anbodskonkurranse, om det skal søkjast løyst gjennom bygging av rimelegare modular eller om ein skal setja i verk naudsynte tiltak på eksisterande bygg. Resultatet av vedtaket, uansett kva det vert, vil ha påverknad på drifta, men i varierande grad. Denne kjem på toppen av ein allereie stram økonomi, nesten tomme fond og ingen kortsiktige utsikter til nye inntekter. Gjennom framlagt budsjett vert desse utfordringane synleggjort, og det er også spela inn fleire mogelege tiltak for å auke eigenkapitalen og inntektene, for å redusera lånebehovet.

Bruken av næringsfondet må reduserast vesentleg i perioden. Me bør vurdera avvikling eller nedtrekk i fondsforvaltinga, då avkastinga er god, men likviditeten vert utfordra når bruken går ned. Dette krev ei ny vurdering av korleis me nyttar fondsmidlar i framtida. Dette gjeld både faste løyvingar frå fondet og heradet sin eigen bruk av fondet.

For å tilpassa drifta til strammare økonomiske rammer, er det lagt opp til fleire strukturelle endringar:

- Barnehagen vil ha meir feriestengt i påsken og på sommaren
- Det er lagt inn reduksjon på 4,5 årsverk fordelt på stab, oppvekst og helse
- Samfunn og plan legg opp til ytterlegare reduksjon på 2 årsverk seinare i planperioden
- Dette inneber mellom anna nedlegging av kinoen
- Skulen må gå vekk frå 10-deling og over på 9-deling
- Stillinga som dirigent og som ungdomsrådsmedarbeidar vert avvikla. Dirigent er ikkje ei lovpålagt teneste, og ungdomsrådet vil få oppfylgjing vidare frå politisk.
- Me ynskjer dessutan å gjera ei analyse av både stab/merkantile ressursar og ressursar knytt til samfunn og plan, for å sjå korleis me ligg an, samanlikna med andre saman-liknbare kommunar.

SPIRA barne- og familiekontor vart etablert ved inngangen til 2025, og har i løpet av året fått på plass tenester innan PPT, barnevern og helsestasjon/skulehelseteneste. Barnevernet vart integrert i etter overgang frå Ullensvang og gjekk over frå innføringsprosjekt til del av ordinær drift i løpet av hausten 2025. Me ser allereie teikn til betre fagleg kontroll og har no innsyn i kostnadane, sjølv om kostnadsnivået framleis er høgare enn me hadde håpa på. Tenesta har fokus i Ulvik og særleg oppvekst nyt godt av eit mykje tettare samarbeid med desse tenestene, og ressursane me har knytt til oss gjennom dei. Lokala til Spira er mellombelse, og planarbeid for eigne lokale er i gang.

Samfunn og plan har lagt inn midlar til planlagt vedlikehald kvart år i perioden, og VA-planen vert fullført som planlagt. Tilbodet vedk ny barnehage er berre delvis lagt inn i budsjettet, dvs ca halve kostnaden for nytt bygg, med mål om å løysa barnehagebehovet rimelegare. Dersom ein vel bygging av ny barnehage, jf motteke tilbod etter anbodskonkurranse, så må me løysa meirkostnaden på drift med konkrete kostnadssparande tiltak. Andre tiltak som ikkje har fått plass i økonomiplanen er mellom anna sentrumsutvikling og bru i Hallanger.

For å styrka inntektsgrunnlaget på sikt, vert det lagt opp til innføring av alminneleg eigedomsskatt

frå 2027. Taksering og førebuande arbeid startar i 2026, og vil krevja både administrativ kapasitet og god informasjon til innbyggjarane.

Konsesjonskraftinntektene for 2026 er selde til liknande pris som tidlegare år, men volumet er redusert grunna lågare energiforbruk. Dette skuldast truleg energisparingstiltak, høge straumprisar og endra forbruksvanar. Kraftbransjen spår høge prisar framover, men volumet vil vera avgjerande for inntektene. Usikre næringsprosjekt kan på sikt gje nye inntekter, men me har ikkje tilstrekkeleg framdrift på desse til at me kan rekna dei inn i budsjettet førebels.

Løns- og prisveksten held fram, og me ser framleis at rammetildelinga ikkje kompenserer fullt ut. Me har difor vore nøydde til å nytta store delar av konsesjonskraftinntektene til drift, trass i innsparingstiltak. Me har tru på at eigenregi på tenester vil gi gevinst på sikt, men det vil ta tid før dette vert synleg i rekneskapen.

Folketalet held fram å stiga, og ved utgangen av 2025 er me oppe i 1111 innbyggjarar. Dette inkluderer flyktningar busett i 2022–2024. Bustadbehovet er framleis stort, og me har i 2025 fått fart på planarbeidet for Skeie-tomta og Hjelmavoll. Prosjektet med 6-mannsbustad på Hjelmavoll 1 er ferdig handama politisk og salet er i gong. Her har bustadstiftinga sagt ja til å kjøpa 3 einingar, mot at heradet leiger dei til eigne bustadbehov. Den gamle sjukeheimen er ferdig planlagt ombygg til leilegheiter, og me held fram dialogen med Husbanken, bustad-stiftinga og eigar av gamle sjukeheimen. Låneramma for startlån er vidareført med inntil 20 mill. kroner.

Flyktningtenesta har vore aktiv gjennom 2025, og me har styrka integreringsarbeidet. Me kjøper framleis vaksenopplæring frå Voss, men vurderer å etablera eige tilbod i Ulvik. IMDI har sendt oppmoding om busetjing for 2026 med 10 personar og evt busetjing i 2026 skal opp til politisk handsaming i desember.

Samfunnsdelen av kommuneplanen vart ferdigstilt våren 2025, og gir no retning for vidare planarbeid. Me har med oss planen i arbeidet med budsjett og økonomiplan mtp prioriteringar og prosjektutvikling.

Møteromsfløyen i Sentrumsbygget fungerer godt, og streaming av heradsstyremøte er etablert. Me vurderer å utvida dette til formannskapet i løpet av 2026.

Administrasjonen står støtt i rolla som tenesteleverandør for politisk leiing og innbyggjarane. Me strekk oss etter å levera gode tenester og følgja opp vedtak, gje råd og bistå dei som treng det i byråkratiske system. Me gjer feil, men me rettar opp. Me lyttar, me lærer og me leitar alltid etter løysingar. Og som regel finn me ei – eller fleire.

Me har trua på at dei fleste vil oppleva stabile og gode tenester, og me held fram med å levera det innbyggjarane har krav på, og det politikarane ynskjer. Eit visst gap er det nok, mellom det me kan/skal levera og det som det er ynskjeleg at me leverer, men me håpar å få redusert dette gapet gjennom god informasjon og tydelege service-erklæringar. Me prøver også å spela på lag med, og bistå næringslivet med det me kan.

Som alltid vil eg oppmoda om at de ser kvarandre – ein ny nabo, ein sambygding, eit medmenneske, ein meiningsmotstandar. Helsar, smiler, inviterer, byr med på tur eller julehandel. Det skal så lite til og betyr så mykje.

**Dei store stormane**
har du attum deg.
Då spurde du ikkje

kvi du var til,
kvar du kom ifrå
eller kvar du gjekk,
du berre var i stormen,
var i elden.

Men det gjeng an å leva
i kvardagen òg,
den grå stille dagen,
setja potetor, raka lauv
og bera ris,
det er so mangt å tenkja på her i verdi,
eit manneliv strekk ikkje til.

*Utdrag frå dikt av Olav H. Hauge*

### 1.2.2 Kommuneplan 2009-2020

**Kommuneplanen**

Kommuneplanen er den overordna planen for heradet og er eit styrande dokument for andre kommunale planar. Dokumentet er styrande for prioriteringar som heradet skal gjera. Kommuneplanen har ein samfunnsdel og ein arealdel. Planen gjeld i ein 12 årsperiode. Ulvik herad vedtok samfunnsdelen i 2010, og arealdelen i 2016. Ut frå endra føresetnader vart arbeidet med ny samfunnsdel til kommuneplanen starta opp i 2021. Det har vore gode politiske verkstader og god medvirkning frå administrasjonen i arbeidet med samfunnsdelen av kommuneplanen. Planen har leggje ute på høyring hausten 2025, og vil bli ferdigstilt og lagt fram for politisk handsaming i starten av 2026.

Det er utarbeidd eit godt kunnskapsgrunnlag til Samfunnsdelen av kommuneplanen, og dette grunnlaget vil kunne vera eit godt kunnskapsgrunnlag for andre kommunale planar som skal utarbeidast.

### 1.2.3 Handlingsprogrammet med økonomiplan og årsbudsjett

**Handlingsprogrammet**

Handlingsprogrammet er handlingsdelen slik den kjem fram i samfunnsdelen av kommuneplanen, og har eit 4-års perspektiv. Økonomiplanen skal forankrast i handlingsprogrammet, og viser heradet sine utgifter og inntekter i planperioden. Årsbudsjettet er fyrste året i økonomiplanen, og er juridisk bindande for heradet. Heradsstyret skal vedta ein økonomiplan og årsbudsjett som er i balanse. Økonomiplanen rullerast kvart år.

## 1.2.4 Omstilling og utvikling

### Omstilling

Det har sidan 2018 vore fokusert på omstilling i heradet, og særleg etter 2020 har det vore ei merkbar endring i dei økonomiske føresetnadane, med sterk auke i kostnader og minimal eller ingen auke i statleg ramme. Trass auka inntekter i pandemiåra og betydeleg auke i inntekter frå konsesjonskraft, har desse ikkje greid å ta unna for auken i kostnader. Auke i statlege krav gjennom lover, forskrifter og minstenormer som enten berre er delvis finansiert eller utan finansi-ering, skapar ytterlegare utfordringar. Sjølv om me kjenner på at me har kutta veldig mykje dei siste åra, så har nye kostnader kome til gjennom desse nye lovkrava og gjennom nye individretta tiltak. Heradet har som målsetjing å drifta innan rammane for faste, frie inntekter. Dvs eigedomsskatt, rammetilskot, konsesjonsavgift og ein føreseieleg del av kraftsalet. Dette medfører ei merkbar omstilling frå 2024 til 2025. Kjernedrifta er redusert med 10 millionar, men her har nye lovfesta tiltak, auka kostnader til barnevern og betydeleg auke i pensjonskostnadar kravd meir auke enn innsparinga utgjorde, så planlagd omlegging i 2025 har ikkje vore råd å få til.

For 2026 gjerast det meir. I tråd med sparelista nedjusterast Brakanes skule frå 10-delt til 9-delt skule, det avviklast stillingar som ikkje inngår i kjerneverksemda og det avviklast vederlagsfri varmmat. Varmmaten kan vidareførast mot betaling, og løysing vil avklarast i 2026.

På grunn av stramme økonomiske rammer, og lite rom for ikkje-lovpålagte tenester, er det lagt inn avvikling av kino i 2026.

Det vert innført betaling for kaffi for "alle" tilsette i heradet med kr. 100 pr mnd.

Heradet skal yta best mogelege tenester for innbyggjarane i Ulvik og det er difor viktig å få til både ei drift innan dei faste, føreseibare rammene, og samtidig koma i posisjon til å ikkje vera avhengig av svingningar i pensjonsavviket.

## 1.2.5 Interkommunalt samarbeid

### Interkommunalt samarbeid

Over fleire år har regjeringa tildelt kommunane fleire oppgåver som tidlegare låg på statleg eller fylkesnivå. Oppgåvene og omfanget av dei krev samarbeid med andre for å sikra eit godt tilbod med rett kvalitet.

Heradet har, saman med Eidfjord, hatt eit godt samarbeid om IKT med Kvam. I tillegg er me med i eit større IKT-samarbeid med Bergen kommune. Dette handlar særskilt om digitalisering, der alle kommunane i Vestland er med, samt kjøp av personvernsombodsteneste. Me har samarbeid med Voss herad om brann og redning, legevakt og ØH-senger (øyeblikkeleg hjelp). (Frå og med 2025 er me ikkje lenger knytta til Voss for PPT eller til Ullensvang for barnevern og løyser desse tenestene sjølv.)

Samarbeidet med Eidfjord om sal av landbruksteneste held fram. Me kjøper revisjonsteneste frå Vestland Revisjon IKS. Renovasjonstenesta leverast av BIR Hardanger-Voss AS. Feiarteneste utførast gjennom ein avtale med Vestnorske Feiertjenester AS.

Me registrerer framleis store kostnadsauker som fylgje av kommunale samanslåingar. Dette skuldast dels færre brukarar å fordela kostnadar på, og dels at samanslåingskommunane aukar

prisen på tenester me kjøper frå dei. Med bakgrunn i Forvaltingsrevisjon på kjøp av tenester frå andre kommunar gjennomført i 2023 vart avtalen med Ullensvang og Voss avvikla frå og med 2025.

## 1.3 Demografi og statistikk

### 1.3.1 Demografi

**Befolkning**



**Folketallet**

2. kvartal 2025

**1 111** innbyggere

**Kilde**

Befolkning, Statistisk sentralbyrå

## Aldersfordeling for innbyggerne i kommunen

Per 01.01.2025

**Vis som figur** **Vis som tabell**

Last ned som ...



## Endringer i befolkningen

**Fødte**
2024
**4 personer**

Kilde
Fødte, Statistisk sentralbyrå

**Nettoflytting**
2024
**19 personer**

Kilde
Flyttinger, Statistisk sentralbyrå

**Døde**
2024
**12 personer**

Kilde
Døde, Statistisk sentralbyrå

**Vekst i befolkningen siste kvartal**
2. kvartal 2025
**9 personer**

Kilde
Befolkning, Statistisk sentralbyrå

Les mer om Norges befolkning på vår faktaside om befolkningen.

## Forventet utvikling

**Befolkning i 2030**
2030
**1 199 innbyggere**

**Befolkning i 2050**
2050
**1 215 innbyggere**

Kilde
Regionale befolkningsframskrivinger, Statistisk sentralbyrå

## 1.3.2KOSTRA

KOmmune- STatRApportering, eller KOSTRA, er den offentlege samanlikningsmodellen for kommunar, basert på rekneskap og statistikk. For å mogleggjera rett samanlikningsgrunnlag er kommunane gruppert i kostragrupper basert på inntekts- og kostnadsgrunnlag.

Etter kommunesamanslåinga i 2020 er Ulvik flytta frå gruppe 5 til gruppe 14. Gruppe 14 omfattar no alle kommunar med 699-1999 innbyggjarar og låge til middels korrigerte inntekter.

| 12134: Utvalgte nøkkeltall for kommuneregnskap, kommunekonsern, etter statistikkvariabel, region og år | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | |
| | | 2022 | 2023 | 2024 |
| Netto driftresultat i prosent av brutto driftsinntekter (prosent) | 4620 Ulvik | -1,3 | -3,2 | -1,9 |
| | EKA46 Vestland | 3,1 | 1,1 | -1,5 |
| | EKG14 KOSTRA-gruppe 14 | 2,4 | 2,3 | 1,2 |
| Årets merforbruk i driftsregnskapet i prosent av brutto driftsinntekter (prosent) | 4620 Ulvik | 0,0 | 0,0 | 0,0 |
| | EKA46 Vestland | 0,0 | 0,0 | 0,0 |
| | EKG14 KOSTRA-gruppe 14 | 0,0 | 0,0 | 0,0 |
| Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter (prosent) | 4620 Ulvik | 24,9 | 10,1 | 17,8 |
| | EKA46 Vestland | 17,8 | 13,0 | 10,3 |
| | EKG14 KOSTRA-gruppe 14 | 26,2 | 22,1 | 22,4 |
| Netto renteeksponering i prosent av brutto driftsinntekter (prosent) | 4620 Ulvik | 40,2 | 32,6 | 32,4 |
| | EKA46 Vestland | 43,2 | 46,5 | 49,8 |
| | EKG14 KOSTRA-gruppe 14 | 30,1 | 29,6 | 32,0 |
| Langsiktig gjeld ex pensjonsforpliktelser i prosent av brutto driftsinntekter (prosent) | 4620 Ulvik | 75,2 | 80,0 | 90,4 |
| | EKA46 Vestland | 103,1 | 103,8 | 104,7 |
| | EKG14 KOSTRA-gruppe 14 | 86,1 | 85,2 | 84,3 |
| Frie inntekter per innbygger (kr) | 4620 Ulvik | 99025 | 95653 | 100478 |
| | EKA46 Vestland | 67737 | 68569 | 71291 |

| 12134: Utvalgte nøkkeltall for kommuneregnskap, kommunekonsern, etter statistikkvariabel, region og år | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | EKG14 KOSTRA-gruppe 14 | 88761 | 88771 | 93404 |
| Fri egenkapital drift i prosent av brutto driftsinntekter (prosent) | 4620 Ulvik | 11,2 | 6,6 | 4,7 |
| | EKA46 Vestland | 13,6 | 13,4 | 10,3 |
| | EKG14 KOSTRA-gruppe 14 | 19,4 | 18,4 | 17,1 |
| Brutto investeringsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter (prosent) | 4620 Ulvik | 4,3 | 15,5 | 15,7 |
| | EKA46 Vestland | 12,0 | 11,6 | 12,2 |
| | EKG14 KOSTRA-gruppe 14 | 11,6 | 13,7 | 13,7 |
| Egenfinansiering av investeringene i prosent av totale brutto investeringer (prosent) | 4620 Ulvik | -51,5 | 57,5 | -3,9 |
| | EKA46 Vestland | 37,7 | 38,4 | 31,1 |
| | EKG14 KOSTRA-gruppe 14 | 43,9 | 44,4 | 37,8 |

## 1.4 Økonomiplan 2026-2029 med årsbudsjett og økonomiske oversikter

### 1.4.1 Finansielle nykkeltal

Kalkylerente for sjølvkostområde er inkludert i renter i økonomiske oppstillingar men ekskludert frå finansielle måltal for å skapa samanheng mellom mål av lånegjeld og lånekostnadar. Lånegjeld relatert til sjølvkostområde (35 millionar IB 2026) og startlån er ekskludert frå netto lånegjeld.

| Type nykkeltal | 2024 | 2026 | 2027 | 2028 | 2029 | Mål |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Netto driftsresultat i % av driftsinntekter | -1,98% | -0,6% | 0,2% | -0,00% | 1,10% | 1,75% |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Disposisjonsfond i % av driftsinntekter | 4,4% | 2,9% | 4,2% | 4,7% | 6,4% | >5% |
| Brutto renter* og avdrag i % av driftsinntekter | 8,9% | 8,8% | 10,12% | 11,90% | 11,33% | <10% |
| Netto lånegjeld* i % av driftsinntekter | 68,7% | 89,2% | 97,3% | 97,7% | 97,1% | <75% |

### 1.4.2Premisser for budsjett og økonomiplan

| Eining | Årsverk | Føresetnad inntekt | Føresetnad kostnad | Handsaming av avvik |
|---|---|---|---|---|
| 210 Stab | 14,01 | | Prisvekst i avtalar 3,7%, avvikling av kinotenesta i 2026-2027, innføring av betalt kaffeavtale (gjeld alle einingar) | Politisk handsaming i tertialrapport |
| 220 Barnehage | 14,7 | 45 plassar | 4 veker feriestengd, pluss 3 dagar stengt i barnehageveka-innsparing vikarutgifter. Truleg auka barnetal, fleire fødslar 2025.4 veker feriestengd, pluss 3 dagar stengt i barnehageveka-innsparing vikarutgifter. Truleg auka barnetal, fleire fødslar 2025. | Politisk handsaming i tertialrapport |
| 230 Undervisning | 27,03 | 130 elevar , 45 born SFO, 93 plassar i kulturskulen (66 personer nyttar plass, nokre av dei har to tilbod) | -Frå 10 delt til 9 delt skule. - Reduksjon ITO - Dirigent for skulekorpset og koordinator ungdomsråd vert tekne ut med totalt 0,45 årsverk. -Vederlagsfri varmmat vert avvikla - Omorganisering leksehjelp og reduksjon frå 3 til 2 lagleiarar. Nedgang elevtal. Går ut 19 elevar frå 10. trinn og tek til 7 elevar aug 2026. Kjøp tenester frå andre kommunar. Gjeld ITO og ITO gjesteelevar. | Politisk handsaming i tertialrapport |
| 240-270 Helse og velferd | 46-48 | Stenging av 1 avdeling, 1200 listeplassar fastlege, historisk gjennomsnitt for varierande inntekt. | Eigen drift av barnevern og PPT, kjøp av legevakt, krisesenter, jordmor og kommunepsykolog, kjøp av eksterne tenester etter enkeltvedtak | Politisk handsaming i tertialrapport |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 280-283 Samfunn og plan | 17,95 | 100% sjølvkost med unntak av plan/bygg som er subsidierte | Kjøp av einskilde sakshandsamingstenester frå nabokommunar. Kjøp av feieteneste og brannmesterteneste. | Politisk handsaming i tertialrapport |
| 290-291 Finans | | Straumprisar på 0,632kr/kwh, førehandssal kraft 2026 og 2027 | Lån: 45% til fastrente, resten flytande. Eigen lånetype for VA-lån. Prisvekst 2025: 3,7%, lønsvekst 4,1%, KLP: 23,3%, SPK: 11% | Politisk handsaming i tertialrapport |

### 1.4.3 Inntekter i planperioden

Ulvik herad har fleire inntektskjelder, der nokre er stabile og nokre har større svingingar frå år til år. 2025 er eit år med mindretalsregjering og budsjettala for inntekter er difor ikkje heilt sikre ved tidspunktet for budsjettframlegg. Budsjettala er basert på regjeringa sitt gjeldande forslag per 11.11.2025.

#### 1.4.3.1 Frie inntekter

Heradet sine frie inntekter kan delast i seks:

- Rammetilskot
- Inntektsskatt
- Formueskatt
- Naturressursskatt
- Eigedomsskatt
- Kraftinntekter

I rekneskapen vert inntekts-, formue- og naturressursskatt sett under eitt, så i tabellen under lister me berre opp rammetilskot, skatt, eigedomsskatt og kraftinntekter.

Rammetilskot og skatteinntekter er basert på KS og Telemarksforsking sine inntektsmodeller, justert for lokale høve. Ulvik herad har hatt nedgang i folketal mellom 2020 og 2022, med vesentleg auke i 2023. Nedgangen i rammetilskot i perioden og manglande kompensasjon for prisauke frå 2021 til 2022 gjer likevel at heradet sine lønskostnadar har auka meir enn statleg kompensasjon. Heradet legg opp til løns- og prisvekst på 4,1% i tråd med tal frå Statsforvaltaren.

Eigedomsskatt er vanlegvis basert på lister frå skattekontoret, men desse vert ikkje ferdige i 2025 før etter ferdigstilling av budsjettet og er difor basert på estimat.

Kraftinntektene for 2026 er basert på auksjonssal av konsesjonskrafta og spotprissal av erstatningskrafta og ligg begge inne med pris lik auksjonssalet på 62,3øre/kwh. I åra 2028-2029 er det nytta utgangspunkt i årskontraktar på Nasdaq og langtidsprognose frå NVE og lagt inn 59øre/kwt.

**§5-6 økonomisk oversikt drift**

| Beskrivelse | Regnskap 2024 | Budsjett 2025 | Budsjett 2026 | Budsjett 2027 | Budsjett 2028 | Budsjett 2029 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Ulvik | | | | | | |

| Beskrivelse | Regnskap 2024 | Budsjett 2025 | Budsjett 2026 | Budsjett 2027 | Budsjett 2028 | Budsjett 2029 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Rammetilskudd | -66 730 000 | -74 932 000 | -80 668 000 | -81 538 000 | -82 054 000 | -82 744 000 |
| Inntekts- og formuesskatt | -33 667 000 | -35 451 000 | -40 565 000 | -40 599 000 | -41 270 000 | -41 697 000 |
| Eiendomsskatt | -12 580 000 | -11 949 000 | -11 850 000 | -12 350 000 | -12 850 000 | -13 350 000 |
| Andre skatteinntekter | -17 270 000 | -16 951 000 | -16 951 000 | -16 951 000 | -16 951 000 | -16 951 000 |
| Andre overføringer og tilskudd fra staten | -240 000 | -160 000 | -3 629 000 | -3 629 000 | -3 629 000 | -3 629 000 |
| Overføringer og tilskudd fra andre | -26 772 000 | -18 001 000 | -15 185 000 | -15 187 000 | -15 189 000 | -15 190 000 |
| Brukerbetalinger | -5 978 000 | -6 156 000 | -6 533 000 | -6 533 000 | -6 533 000 | -6 533 000 |
| Salgs- og leieinntekter | -42 849 000 | -33 554 000 | -34 909 000 | -34 985 000 | -35 817 000 | -37 024 000 |
| SUM DRIFTSINNTEKTER | -206 087 000 | -197 154 000 | -210 291 000 | -211 773 000 | -214 293 000 | -217 119 000 |
| Lønnsutgifter | 92 367 000 | 88 474 000 | 96 044 000 | 94 453 000 | 93 915 000 | 93 915 000 |
| Sosiale utgifter | 23 710 000 | 23 202 000 | 30 563 000 | 29 662 000 | 30 933 000 | 29 816 000 |
| Kjøp av varer og tjenester | 62 378 000 | 52 280 000 | 53 856 000 | 53 154 000 | 53 689 000 | 54 413 000 |
| Overføringer og tilskudd til andre | 23 569 000 | 19 011 000 | 18 540 000 | 18 540 000 | 18 540 000 | 18 540 000 |
| Avskrivninger | 11 975 000 | 10 383 000 | 10 383 000 | 10 383 000 | 10 383 000 | 10 383 000 |
| SUM DRIFTSUTGIFTER | 213 999 000 | 193 348 000 | 209 386 000 | 206 192 000 | 207 460 000 | 207 067 000 |
| BRUTTO DRIFTSRESULTAT | 7 912 000 | -3 806 000 | -905 000 | -5 581 000 | -6 833 000 | -10 052 000 |
| Renteinntekter | -5 115 000 | -4 675 000 | -6 596 000 | -7 667 000 | -8 461 000 | -8 702 000 |
| Utbytter | -3 064 000 | -2 152 000 | -1 652 000 | -1 652 000 | -1 652 000 | -1 652 000 |
| Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler | -2 022 000 | -2 000 000 | -2 000 000 | -2 000 000 | -2 000 000 | -2 000 000 |
| Renteutgifter | 10 901 000 | 10 796 000 | 12 986 000 | 15 591 000 | 17 491 000 | 18 130 000 |
| Avdrag på lån | 7 458 000 | 8 851 000 | 9 879 000 | 11 148 000 | 11 904 000 | 12 276 000 |

| Beskrivelse | Regnskap 2024 | Budsjett 2025 | Budsjett 2026 | Budsjett 2027 | Budsjett 2028 | Budsjett 2029 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| NETTO FINANSUTGIFTER | 8 158 000 | 10 821 000 | 12 617 000 | 15 419 000 | 17 282 000 | 18 052 000 |
| Motpost avskrivninger | -11 975 000 | -10 383 000 | -10 383 000 | -10 383 000 | -10 383 000 | -10 383 000 |
| NETTO DRIFTSRESULTAT | 4 095 000 | -3 368 000 | 1 329 000 | -545 000 | 66 000 | -2 383 000 |
| Disponering eller dekning av netto driftsresultat | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Overføring til investering | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avsetninger til bundne driftsfond | 16 233 000 | 8 951 000 | 12 580 000 | 12 580 000 | 13 619 000 | 13 666 000 |
| Bruk av bundne driftsfond | -16 868 000 | -10 351 000 | -14 975 000 | -14 851 000 | -14 851 000 | -14 851 000 |
| Avsetninger til disposisjonsfond | 4 188 000 | 6 009 000 | 1 066 000 | 2 816 000 | 1 165 000 | 3 568 000 |
| Bruk av disposisjonsfond | -7 648 000 | -1 240 000 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Dekning av tidligere års merforbruk | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| SUM DISPONERINGER ELLER DEKNING AV NETTO DRIFTSRESULTAT | -4 095 000 | 3 368 000 | -1 329 000 | 545 000 | -67 000 | 2 383 000 |
| FREMFØRT TIL INNDEKNING I SENERE ÅR | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |

## 1.4.4 Einingane sine rammer for drifta i planperioden

### §5-4-2 løyvingsoversikt per eining

| Beskrivelse | Regnskap 2024 | Budsjett 2025 | Budsjett 2026 | Budsjett 2027 | Budsjett 2028 | Budsjett 2029 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Stab | | | | | | |
| Driftsinntekter | -3 920 000 | -1 516 000 | -1 328 000 | -1 263 000 | -1 263 000 | -1 263 000 |

| Beskrivelse | Regnskap 2024 | Budsjett 2025 | Budsjett 2026 | Budsjett 2027 | Budsjett 2028 | Budsjett 2029 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Driftsutgifter | 31 807 000 | 33 855 000 | 34 708 000 | 34 703 000 | 34 703 000 | 34 703 000 |
| Netto | 27 887 000 | 32 338 000 | 33 380 000 | 33 440 000 | 33 440 000 | 33 440 000 |
| Oppvekst | | | | | | |
| Driftsinntekter | -5 472 000 | -2 555 000 | -4 257 000 | -4 257 000 | -4 257 000 | -4 257 000 |
| Driftsutgifter | 50 093 000 | 42 286 000 | 44 265 000 | 43 460 000 | 43 460 000 | 43 460 000 |
| Netto | 44 621 000 | 39 731 000 | 40 008 000 | 39 203 000 | 39 203 000 | 39 203 000 |
| Helse og velferd | | | | | | |
| Driftsinntekter | -19 691 000 | -14 966 000 | -11 961 000 | -11 961 000 | -11 961 000 | -11 961 000 |
| Driftsutgifter | 73 640 000 | 67 129 000 | 73 377 000 | 73 924 000 | 73 924 000 | 73 924 000 |
| Netto | 53 950 000 | 52 163 000 | 61 415 000 | 61 962 000 | 61 962 000 | 61 962 000 |
| Samfunn og plan | | | | | | |
| Driftsinntekter | -13 870 000 | -12 319 000 | -14 791 000 | -16 295 000 | -17 129 000 | -18 338 000 |
| Driftsutgifter | 37 707 000 | 31 071 000 | 31 441 000 | 30 609 000 | 30 607 000 | 31 331 000 |
| Netto | 23 837 000 | 18 752 000 | 16 649 000 | 14 314 000 | 13 479 000 | 12 993 000 |
| Finans | | | | | | |
| Driftsinntekter | -32 646 000 | -26 356 000 | -24 290 000 | -22 929 000 | -22 929 000 | -22 929 000 |
| Driftsutgifter | 8 776 000 | 8 625 000 | 15 212 000 | 13 113 000 | 14 384 000 | 13 267 000 |
| Netto | -23 870 000 | -17 731 000 | -9 077 000 | -9 816 000 | -8 546 000 | -9 662 000 |

## 1.4.5 Økonomiske tiltak

Budsjettramma til heradet avgrenser kva tiltak som er mogleg å gjennomføra i eit budsjettår og ein økonomiplan. Ramma kan berre aukast ved å kutta i drift, auka fondsbruk, redusera fondsavsetningar eller ved å auka inntektene.

Dette krev politiske prioriteringar for kva som er ynskjeleg å gjennomføra, og moglege tiltak presenterast i det fylgjande, med oversikt over kva som er prioritert i gjeldande planperiode og kva som ikkje er prioritert.

### 1.4.5.1 Tiltak til økonomiplanperioden

Med tiltak meinast konkrete endringar i drifta som ikkje kan klassifiserast som generell inntekts- eller kostnadsauke, eller reduksjon av desse. Tiltakslista gjev ein oversikt over moglegheiter eller behov administrasjonen har identifisert som kan prioriterast og inkluderast i budsjett- og økonomiplanperioden. Grunna utfordrande økonomi i planperioden er ein rekkje sparetiltak alt lagt inn i grunnbudsjettet.

## 1.4.5.1.1 Prioriterte tiltak i 2025

### 1.4.5.1.1.1 Tiltak med ny kostnad

Då budsjettåret 2026 og planperioden alt er vesentleg pressa er det for perioden ikkje identifisert kostnadsaukande tiltak som kan tilrådast å tilførast budsjettet.

### 1.4.5.1.1.2 Sparetiltak

| **Sparetiltak 2026-2029** | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Eining | Namn på tiltak | Skildring av tiltak | Identifisert risiko | Reduksjon årsverk i 2026 | Innsparingspotensiale | Kostnadsauke frå andre tiltak | Netto innsparing 2026 | Netto innsparing 2027 | Netto innsparing 2028 | Netto innsparing 2029 |
| Stab | Oppseiing av Personvernteneste Bergen | Sagt opp kjøp av teneste | Kan gjera faglege feil | 0 | 280 000 | 0 | 280 000 | | | |
| Stab | Nedlegging av kino | Nedlegging av kino i løpet av 2026 | Reduksjon i kulturtilbod. Faste arr utgår | 0,195 | 170 000 | 0 | 170 000 | 500 000 | 0 | 0 |
| Stab/ heile org | Betaling av kaffi for tilsette | Alle tilsette med meir enn 20 % stilling må bet for kaffi, kr 100/ mnd | Misnøye blant tilsette | 0 | 165000 | 0 | 165 000 | 0 | 0 | 0 |
| Stab | Avlyse dagsmøte på Finse | Tek ut planlagt dagsmøte på Finse | Politikarane mindre kjennskap til Finse | 0 | 70 000 | 0 | 70 000 | 0 | 0 | 0 |
| Stab/ Samfunn & plan | Reduksjon tilskot kyrkja | Redusera tilskotet, yta tenester for gravplass og reinhald | Samfunn og plan taper kr. 150.000 i inntekt i året | 0 | 150 000 | 150 000 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| H&V | Kutt stilling kjøkken | Tilsettingsstopp etter oppseiing. 0,8 årsverk er kutta. | Redusert kapasitet. Reduksjon i helgebemanning | 0,8 | 650000 | | 650000 | | | |
| H&V | Kutt i barnekoordinatorfunksjon | Tilsettingsstopp etter oppseiing. | Auka belastning og fleire oppgåver | 0,4 | | | 329218 | 29929 | | |

| Sparetiltak 2026-2029 | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | 0,4 årsverk er kutta. | på andre stillingar | | | | | | | |
| H&V | Enkelttiltak 1 | Sagt opp avtale, inngått ny avtale. | Auka del av tilbodet organisert med eigne tilsette. Auka belastning og fleire oppgåver. Mindre fagkompetanse tilgjengeleg, og ein mindre privat leverandør av tenester å støtte seg på. | Ingen | | | 500000 | | | |
| H&V | Enkelttiltak 2 | Reforhandla pris | Reduksjon i bemanning. Svekka kvalitet i tenestetilbodet. | Ingen | | | 750000 | Reduksjon i statleg kompensasjon grunna lågare kostander i 2026. Vil truleg medføre ein netto auke i 2027. Uviss storleik. | | |
| H&V | Kutt i budjsettmidlar til miljøretta helsevern | Nytt samarbeid om miljøretta helsevern har vore jobba med over tid, og det var lagt inn | Lokal kompetanse og kapasitet er mangelfull. Det er lite tilgang på ekstern kompetan | Ingen | 200000 | | | | | |

| Sparetiltak 2026-2029 | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | finansiering i budsjett frå 2025. Finansiering er teken ut. | se. Lovpålagte oppgåver me slit med å levere på. Utan eit samarbeid vil belastning på ny kommuneoverlege auke. | | | | | | | |
| H&V | Programvare og lisensar | Gjennomgang av alle lisensar og kutte der det er forsvarleg | Mindre effektive arbeidsprosessar. Tidsbruk. Arbeidsmiljø. | Ingen | 150000 | | 150000 | | | |
| H&V | Kutt i skogodtgjersle til tilsette | Tilsette med bruk av private sko i helse- og omsorgstenester har fått eit tilskot til sko 1 gong per år. | Tilsette må bruke eigne sko i arbeidet. | Ingen | 100000 | | 100000 | | | |
| H&V | Betaling for skulemåltid | Foreldrebetaling for skulemat på omsorgstunet. | Sosial ulikskap. Foreldre må betale 2850,- årleg. | Ingen | 393300 | | 393300 | | | |
| | | | | | | | | | | |
| Eining | Namn på tiltak | Skildring av tiltak | Identifisert risiko | Reduksjon årsverk | Innsparingspotensiale | Kostnadsauke frå andre tiltak | Netto innsparing 2026 | Netto innsparing 2027 | Netto innsparing 2028 | Netto innsparing 2029 |
| OPV skule | Avvikle varmmat frå omsorgstun | | Reduksjon trivsel | | 232 000 | | 232000 | 0 | | |
| OPV skule | Omorganisere leksehjelp frå 1. januar 2026 | Leksehjep er ikkje obligatorisk, | Auka trivsel og reduksjon | 0,2 | 114 000 | | 114 000 | 0 | | |

| Sparetiltak 2026-2029 | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | men eit tilbod skule skal ha. Brakanes skulne har til no lagt opp til at lekesjelpa har vore ovligatorisk. det er brukt 5 t lærarressursar. Avviklast ved hjelp av assistent/fagarbeidar. | i ressursbruk som er positivt. | | | | | | | |
| OPV skule | Kutte frå 3 til 2 lagleiarar frå august 2026 | 2 t veka ?16 000 kr | Reduksj i leiargruppa, aka arbeidbyrde på lagleiarane.. | 0,08 | 40 000 | | 20 000 | 20 000 | 0 | 0 |
| OPV skule | Gjeld frå august 2026 Frå 10 delt til 9 delt , spare 11 timar, frå august 2026 | 1. og 2. klasse 14 elevar tilsaman. I delte grupper i norsk og matematikk. 7+7. Kutt av ein kontaktlærar. | Kan vere positivt å gå i større gruppe i fleire av timane. Fleire born å spele på. | 0,5 | 400 000 | | 200 000 | 200 000 | 0 | 0 |
| OPV skule | Gjeld frå augustReduksjon ITO på grunn av at 10. klasse | På grunn av reduksjon ITO 10 lærartimar | | 0,6 | 500 000 | | 250 000 | 250 000 | 0 | 0 |
| OPV skule/barnehage | Tilsetjingsstopp | La stillingar stå vakante | Kan føra til auka belasting på atteståande stillingar | | | | | | | |
| OPV skule | Avslutte kjøp Inn på tunet i Granvin | | | | 250 000 | | 250 000 | 250 000 | | |

| **Sparetiltak 2026-2029** | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| OPV skule | Assitenttimar/ fagarbeidar knytt til 10. trinn | 10 t pr år. Kutt frå august | | 0,3 | 170 000 | | 85 000 | 85 000 | 0 | |
| OPV skule | Miljøterapeut politisk vedtak fram tom 2025. 100% | | Vil få store konsekvensar for det systematiske arbeidet med det psykososiale miljøet. | 1 | 806 000 | | 806 000 | 0 | | |
| Opv aktivitetar for born og unge | Koordiantor for ungdomsråd er ikkje lovpålagd | | Nokon må ha ansvaret, reduksjon i drift av ungdomsrådet kan få neg konsekvensar for ungdommane sin politiske medverkad. | 0,2 | 145 000 | | 145 000 | 0 | | |
| OPV barnehage | 4 veker feriestengd barnehage | Frå 3 veker til 4 veker | Lite tilpassa familiane, og tilsette vil få mindre valfridom i høve ferieavvikling. | Ingen | 250 000 | | 250 000 | 0 | 0 | 0 |
| OPV barnehage | Stengd barnehage i påsekeveka. | 3 dagar stengd | | Ingen | 145 000 | | 145 000 | 0 | 0 | 0 |
| OPV kulturskule | Kutt dirigent skulemusikken | Ingen born eller ungdom med i korpset og bør ikkje dekkjast av | Korpset vert evt lagd ned. | 0,25 | 160 000 | | 160 000 | 0 | 0 | |

| Sparetiltak 2026-2029 | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | oppvekst/heradet. | | | | | | | | |
| Samfunn og plan | Nedbemanning | La stilling stå vakant | Avgang fram i tid er ikkje sikker | 1 i 2027 | 650000 | 0 | 0 | 650000 | 0 | 0 |
| Samfunn og plan | Nedbemanning | La stilling stå vakant | Avgang fram i tid er ikkje sikker | 1 i 2028 | 650000 | | | | 650000 | |
| Opv skule/barnehage | Diverse småkutt | | | | | | | | | |
| Oppsummering | | | | 4,525 | 6840300 | 150000 | 6214518 | 1984929 | 650000 | 0 |

### 1.4.5.1.2 Ikkje-prioriterte tiltak til økonomiplanperioden

Tiltak som ikkje er tekne inn i budsjett- eller økonomiplan er opplista i dei fylgjande avsnitta, med skildring og oversikt over kostnadar eller inntekter.

#### 1.4.5.1.2.1 Tiltak med ny kostnad

Grunna pressa økonomi i planperioden er det ikkje identifisert kostnadsaukande tiltak i drift utover reversering av tiltak på sparelista.

Lista under syner investeringstiltak det ikkje er funne plass til i planperioden. Barnehagen er på lista med full kostnad per motteke tilbod, men er helt utanom då kostnaden framleis er for høg med dei andre tiltaka som ligg inne. Om tiltaket leggjast inn vil det erstatta kostnaden til barnehage som ligg i planperioden.

**Tiltaksliste kostnad investering**

| Tiltaksliste investering 26-29 | 2026 | 2027 | 2028 | 2029 |
|---|---|---|---|---|
| **SOP: Ny barnehage (016)** | **37 500 000** | **37 500 000** | **6 250 000** | **0** |
| **SOP: Ny traktor utedrift (017)** | **0** | **0** | **0** | **1 250 000** |
| **SOP: Ny veg/bru Hallanger (013)** | **0** | **7 500 000** | **10 000 000** | **0** |
| **SOP: Oppgradering skuleplass (014)** | **0** | **5 000 000** | **5 000 000** | **5 000 000** |

| Tiltaksliste investering 26-29 | 2026 | 2027 | 2028 | 2029 |
|---|---|---|---|---|
| **SOP: Sentrumsutvikling (015)** | **6 250 000** | **6 250 000** | **6 250 000** | **6 250 000** |

### 1.4.5.1.2.2 Sparetiltak

Desse tiltaka er ikkje lagt inn, anten då dei ikkje er ferdig utgreidde, eller då forventa ulemper med innføring er høgare enn forventa vinst. Oversikta er mest meint for å gje innsyn i kva moglegheiter som kan vurderast, men skal dei leggjast inn i økonomiplanen bør dei utgreiast fyrst.

| **Sparetiltak 2026-2029** | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Eining | Namn på tiltak | Skildring av tiltak | Identifisert risiko | Reduksjon årsverk i 2026 | Innsparings potensiale | Kostnadsauke frå andre tiltak | Netto innsparing 2026 | Netto innsparing 2027 | Netto innsparing 2028 | Netto innsparing 2029 |
| Stab | Avlyse Helsedag for tilsette | Avlyse planlagt helsedag for tilsette | Er eit tiltak for å redusera sjukefråvær | 0 | 30 000 | 0 | 30 000 | 0 | 0 | 0 |
| H&V | Kutt i kommunepsykologsamarbeid | Avvikle interkommunalt samarbeid om kommunepsykolog. Me betalar i dag over 500000,- for 20% stilling. Dersom me klarar å tilsette sjølv, kan me truleg halvere kostnaden. | Høg risiko for at UH ikkje klarar å rekruttere eigen psykolog i liten stilling (20%). Lovbrothol §3-2.Ikkje anbefalt. | Ingen | 530000 | 250000 | | 250000 | | |
| H&V | Friskliv og meistring | Avvikle interkommunalt samarbeid om frisklivog meistring | Liten innsparing for stort tap. Utfordrar vår tenestelevernase på førebygging og | Ingen | 150000 | | | 150000 | | |

| Sparetiltak 2026-2029 | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | folkehelse. Potensielt lovbrot. | | | | | | | |
| H&V | Private leverandørar enkeltvedtak. | Avvikle framtidig bruk av private leverandørar av velferdstenester: inn på tunet, barnevern, BPA, bustad med bemanning. | Utfordrar forsvarlegheit. | Ukjent | Må utgreiast dersom aktuelt og utgreiing krev ressursbruk. Ikkje anbefalt no. | | | | | |
| H&V | Re-etablering av einge vaskeritenester | | Auka belastning på eigne tilsette. Meir ressursbruk lokalt | Ukjent | Må utgreiast dersom aktuelt og utgreiing krev ressursbruk. Ikkje anbefalt no. | | | | | |
| | | | | | | | | | | |
| H&V | Avvikle lokale kjøkkentenester | Utgreie å erstattte lokalt kjøkken med matleveransar frå sentralkjøkken. | Redusert kvalitet på tenestene. Dårlegare ernæringsstatus for tenestemottakarar. Redusert tilbod. Auka belastning på helsepersonell. | Ukjent | Må utgreiast dersom aktuelt og utgreiing krev ressursbruk. Ikkje anbefalt no. | | | | | |
| Eining | Namn på tiltak | Skildring av tiltak | Identifisert risiko | Reduksjon årsverk | Innsparingspotensiale | Kostnadsauke frå andre tiltak | Netto innsparing 2026 | Netto innsparing 2027 | Netto innsparing 2028 | Netto innsparing 2029 |
| OPV skule | Skyss- | Ulvik herad har fleire | Elevane får meir fysisk | Ukjent pr no | | | | | | |

| Sparetiltak 2026-2029 | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | lokale forskrifter som gjer til at skuleskyssen er kostnadskrevjande. Opplæringslova seier at 1. frå 2 km og 2.-10. over 4 km. | aktivitet, men kan bli krevjande på vinterstid. | | | | | | | |
| Opv skule/barnehage | Diverse småkutt | | | | | | | | | |
| Oppsummering | | | | 0 | 710000 | 250000 | 30000 | 400000 | 0 | 0 |

### Spareliste med tilval 2025-2028

## 1.4.6 Lån, renter og avdrag i planperioden

| Periode | Opplåning | Valuta | Avdrag | Valuta | Renter | Valuta |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 2026 | -52 448 634 | NOK | 11 075 978 | NOK | 8 755 912 | NOK |
| 2027 | -38 668 000 | NOK | 12 380 336 | NOK | 10 356 729 | NOK |
| 2028 | -28 160 000 | NOK | 13 188 184 | NOK | 11 469 316 | NOK |
| 2029 | -12 710 000 | NOK | 13 753 779 | NOK | 12 209 125 | NOK |




I oversikta over er det ikkje gjort skilnad på ordinære investeringar og investeringar som er finansiert over sjølvkostområda. For budsjettet for 2027 og framover leggjast det opp til at investeringar og tilhøyrande finanskostnadar til vatn, avløp, septikk og andre sjølvkostområde skiljast ut i eigen oversikt og på eigne rekneskapsartar for å unngå samanblanding i analyser og måltal. Dette var planlagt for 2026 men er utsett til 2027 grunna byte til nytt økonomisystem i 2025 og ressursutfordringar tilknyta innføringsplanen.

### 1.4.6.1 Sikring av låneporteføljа

I tråd med Ulvik herad sitt finansreglement er deler av låneporteføljа sikra med fastrente for å unngå for store svingingar i rentekostnadane.

Inntil 1/3 av porteføljа skal vera sikra med fastrente, 1/3 skal vera flytande rente, og 1/3 kan sikrast eller haldast flytande etter behov.

| | Grupper | Motpart / Motpartsnavn | Opprinnelig lånebeløp | Restgjeld | Gjeldende rente |
|---|---|---|---|---|---|
| | Total | N/A | 285 919 323,00 NOK | 224 117 448,00 NOK | 4,0499% |
| Produkt | 3 mnd Nibor | N/A | 132 411 470,00 NOK | 82 208 470,00 NOK | 4,8310% |
| | KBN-20120647 | KommunalBanken | 28 220 000,00 NOK | 7 375 800,00 NOK | 4,7000% |
| | KBN-20150485 | KommunalBanken | 42 691 470,00 NOK | 21 345 670,00 NOK | 4,6200% |
| | KBN-20200640 | KommunalBanken | 7 000 000,00 NOK | 5 337 500,00 NOK | 4,7500% |
| | KBN-20220470 | KommunalBanken | 10 500 000,00 NOK | 5 149 500,00 NOK | 4,8600% |
| | KBN-20240042 | KommunalBanken | 10 000 000,00 NOK | 9 250 000,00 NOK | 4,9500% |
| | KBN-20240476 | KommunalBanken | 10 000 000,00 NOK | 9 750 000,00 NOK | 4,8400% |
| | KBN-20250257 | KommunalBanken | 12 000 000,00 NOK | 12 000 000,00 NOK | 4,8900% |
| | KBN-20250441 | KommunalBanken | 12 000 000,00 NOK | 12 000 000,00 NOK | 5,1523% |
| Produkt | Fastrente | N/A | 109 579 032,00 NOK | 101 024 455,00 NOK | 3,2305% |
| | KBN-20210359 | KommunalBanken | 53 905 740,00 NOK | 46 649 190,00 NOK | 2,2700% |
| | KBN-20210373 | KommunalBanken | 20 830 990,00 NOK | 20 830 990,00 NOK | 4,0000% |
| | KBN-20230412 | KommunalBanken | 10 842 302,00 NOK | 10 029 120,00 NOK | 3,9200% |
| | KBN-20240235 | KommunalBanken | 24 000 000,00 NOK | 23 515 155,00 NOK | 4,1600% |
| Produkt | Husbanken flytende | N/A | 30 928 821,00 NOK | 29 434 523,00 NOK | 4,3176% |
| | HUS-13559344-10 | Husbanken | 705 496,00 NOK | 593 700,00 NOK | 4,3968% |
| | HUS-13559976-10 | Husbanken | 1 050 031,00 NOK | 886 041,00 NOK | 4,3397% |
| | HUS-13559976-40 | Husbanken | 994 330,00 NOK | 812 697,00 NOK | 4,3399% |
| | HUS-13560887-10 | Husbanken | 2 591 515,00 NOK | 2 134 555,00 NOK | 4,3058% |
| | HUS-13561698-10 | Husbanken | 1 115 315,00 NOK | 941 663,00 NOK | 4,3059% |
| | HUS-13584025-10 | Husbanken | 1 756 193,00 NOK | 1 679 173,00 NOK | 4,3629% |
| | HUS-13584824-10 | Husbanken | 2 715 941,00 NOK | 2 604 998,00 NOK | 4,3058% |
| | HUS-13587397-10 | Husbanken | 5 000 000,00 NOK | 4 944 972,00 NOK | 4,3341% |
| | HUS-13587398-10 | Husbanken | 15 000 000,00 NOK | 14 836 724,00 NOK | 4,3058% |
| Produkt | P.t. rente | N/A | 13 000 000,00 NOK | 11 450 000,00 NOK | 4,9831% |
| | KBN-20190572 | KommunalBanken | 3 000 000,00 NOK | 2 450 000,00 NOK | 5,0877% |
| | KBN-20230236 | KommunalBanken | 10 000 000,00 NOK | 9 000 000,00 NOK | 4,9546% |

Per 2025 er 45% sikra med fastrente.

### 1.4.6.2 Oversikt gjeld og forpliktingar §5-7

§5-7 Oversikt gjeld og forpliktingar

Jf. Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett m.m skal kommunen vise oversikt over utviklinga i gjeld og vesentlege forpliktingar for perioden. For Ulvik herad utgjer dette i hovudsak lån og pensjonsforpliktingar.

| | 2026 | 2027 | 2028 | 2029 |
|---|---|---|---|---|
| Lånegjeld IB | 194 324 367 | 236 879 715 | 264 400 035 | 280 655 592 |

| | 2026 | 2027 | 2028 | 2029 |
|---|---|---|---|---|
| Avdrag | 9 893 286 | 11 147 680 | 11 904 443 | 12 414 850 |
| Låneopptak | 52 448 634 | 38 668 000 | 28 160 000 | 12 710 000 |
| Lånegjeld UB | 236 879 715 | 264 400 035 | 280 655 592 | 280 950 742 |
| | | | | |
| Startlån IB | 29 417 619 | 28 234 927 | 27 002 271 | 25 718 520 |
| Avdrag | 1 182 692 | 1 232 656 | 1 283 751 | 1 338 929 |
| Låneopptak | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Lånegjeld UB | 28 234 927 | 27 002 271 | 25 718 520 | 24 379 591 |
| | | | | |
| Samla lånegjeld UB | 265 114 642 | 291 402 306 | 306 374 112 | 305 330 333 |

Om lag 39,5 mill. kr nye låneopptak i perioden omfattar sjølvkostområda vatn og avlaup. Derav 14,4 millionar i 2026.

Personvernarbeidet (GDPR) er eit forholdsvis nytt krav som kommunane skal etterleva, dette er ei ny oppgåve som krev ein god del arbeid.

Staben tilrettelegg òg for politisk aktivitet, og koordinerer politiske møter, innkallingar, livestreaming av møter og referat frå politiske møter.

**3. Internopplæring i fagsystem og lovverk**

Staben har jamlege kurs for leiarar, mellomleiarar, tillitsvalde og verneombod, samt kurs som er aktuelle for alle tilsette. Det har vore auka fokus og aktivitet på internopplæring dei siste åra, og det vert arrangert kurs innan desse temaene: Sjukefråvær, tilsetjingsprosessar, 10-faktor metoden, Websak, Økonomisystem Visma, skriving av politisk saker, nynorsk-kurs, Partssamarbeid: Hovedavtale, roller, m.m. Tema for kurs blir satt opp etter innmeldte behov i organisasjonen.

**4. Rullering av planar, utarbeiding av nye planar**

Me har nesten henta inn att etterslepet på planar på stabsområdet, men dette arbeidet er

tidkrevjande. Det er viktig å involvera tilsette og interessentar i prosessen slik at alle får eit eigarforhold til planane. På det viset sikrar me at vedtatte planar vert nytta i praksis.

Dei siste åra er det utarbeidd, revidert og oppdatert 26 planar/retningsliner/reglement i Stabseininga. Det er fortsatt nokre planar/retningsliner/reglement igjen som må utarbeidast eller oppdaterast.

Nye planar:

- Kompetanse- og rekrutteringsplan, påstarta, ny plan, arbeid i 2026/ 2027
- ROS og beredskapsplan for IT-drifta i Ulvik herad, ny plan, 2026/2027

Eksisterande planar som skal reviderast/ oppdaterast:

- Heilskapleg ROS for Ulvik herad, 2026
- Overordna beredskapsplan med tiltakskort og oppdatert ressursliste, 2026

Planar som ikkje er påstarta, men skal reviderast/utarbeidast:

- Rammer for arbeidsgjevarpolitikken i Ulvik herad (2007), Starta i 2027/2028

**5. HMT, Interkontroll (IK), personal og AMU**

Staben organiserer arbeidet i AMU. Arbeidsmiljøutvalet er eit viktig samhandlingsorgan der kommunalsjefar, hovedtillitsvalde og hovedvernombod møter. Her blir saker innan personal, organisasjon, arbeidsmiljø og HMT drøfta. I tillegg har alle einingar lokale AMU der det er jamlege møter med saker som gjeld personal, organisasjon, arbeidsmiljø og bemanning. Denne strukturen fungerer svært godt.

Me utarbeidar årleg ein overordna HMT-plan som blir vedteken av AMU. I tillegg utformar kvar eining sin HMT-plan med tiltak som er særskild relevante for dei. Me skal fokusera på å involvera verneombod og mellomleiarar meir i HMT-arbeid, noko som fortsatt vil stå i sentrum i 2026 og i økonomiplanperioden. Ein tek sikte på å ha 1-2 fagdagar i året for denne gruppa.

Det skal gjennomførast ny dataarbeidsplasskartlegging i 2026, det er 7 år sidan førre kartlegginsrunde og det er uttrykt behov for dette frå dei tilsette.

Internkontroll: Me har innført det digitale internkontrollsystemet Compilo, og har jobba mykje med å leggja inn rutinar, planar og retningsliner i dette systemet. Alt som gjeld personalfeltet er kome på plass, me jobbar med å få plass rutiner innan alle fagfelt, dette er ei arbeid som vil pågå over fleire år, og bør vedlikehaldast på permanent basis.

I IK-systemet ligg det ein modul for avviksrapportering som me har tatt i bruk: Me har no nytta digitalt avvikssystem i 4 år og ser ei jamn stigning i tal innmeldte avvik. Det er fokus på opplæring og å laga ein god kultur for innmelding av avvik. Avviksmeldingar er eit godt verktøy for å gjera oss betre. Me må fortsatt ha stort fokus på dette.

Det er situasjonar der brukarar av kommunale tenester utøver vald, og me vil fortsatt ha fokus på å førebyggja dette, og å handtera dette på ein god måte når det oppstår. Bedriftshelsetenesta har halde kurs på temaet i alle einingane. Me har utarbeidd og vedtatt utarbeidd ein plan for å førebyggja vald mot tilsette og sikra at me har gode rutinar for oppfylging i slike tilfelle.

Av personaltiltak er det innført nokre årlege aktivitetar:

1. Trimaksjon kvar vår: Dytt-kampanje
2. Utdeling av julehelsing/gåve til alle tilsette

3. Personalfest for heile organisasjonen kvar haust. Det er arbeidsgruppe med tilsette frå alle einingar som planlegg og gjennomfører personalfesten. Det blir òg delt ut påskjønning til tilsette med arbeidstid på 25 og 30 år på dette arrangementet.

Me skal fortsetja arbeidet med å halda sjukefråvær lågt og ha gode rutinar rundt oppfylging av sjukemeldte. Me har starta arbeidet med å sjå nærmare på dei bransjespesifikke programma for barnehage og sjukeheimar som ligg i IA-avtalen i neste planperiode, og håper at desse programma kan vera gode verktøy. Me har nyleg oppretta ei tverrsektoriell gruppa som skal samordna og vera pådrivarar for dette arbeidet. Denne gruppa vart oppretta haust 2025.

Me arrangerte ein helsedag våren 2025 med aktuelle foredrag for våre tilsette, og har som mål å arrangera dette årleg. Helsedagen har som formål å førebyggja sjukefråvær og å gje gode tips og råd til våre tilsette innafor helse, trening og arbeidsglede.

Me har gjennomført medarbeidarundersøkjinga "10-faktor" i 2023, og ny undersøkjing skal gjennomførast i 2025/2026. I etterkant av undersøkjinga skal det jobbast systematisk med funna og nye faktorarar/tiltak som einingane skal jobba vidare med. 10-faktor som metode har vore eit godt verktøy for personal- og organisasjonsutvikling dei siste to åra. Me har planar om å starta eit leiarprogram for topp- og mellomleiarar i samband med oppfølging av denne undersøkjinga, og vil søkja om OU-midlar til dette (KS har OU-fond)

**6. Beredskap og samfunnstryggleik**

Det har vore og er eit auka fokus på beredskap og samfunnstryggleik i Norge og i norske kommunar sidan 2019 då pandemien braut ut og dette har vedvart etter at Russland invaderte Ukraina i 2022. Det er auka møteaktivitet, auka krav til planverk og analyser innan ulike fagområde: Helse, VA, ROS, beredskapsplanar, m.m. Det er auke i samhandlingsmøter i regi av Statsforvaltar, det er ei auka forventning til kommunane når det gjeld samarbeid og samhandling med eksterne aktørar. Dette har resultert i ei veldig auke i arbeidet innan dette fagfeltet.

Det er utarbeidd NOU og Stortingsmeldingar som skildrar auka fokus på beredskap og auka forventning til kommunane, Statsforvaltar og andre offentlege instansar innafor beredskapsfeltet:

**NOU 2023:17 Nå er det alvor - Totalberedskapskommisjonen**

*Totalberedskapskommisjonen ble nedsatt ved kongelig resolusjon den 21. januar 2022. Kommisjonen skulle vurdere hvordan de samlede beredskapsressursene kan benyttes best mulig for å videreutvikle samfunnssikkerhet og beredskap. Mandatet til kommisjonen var blant annet å gi en prinsipiell vurdering av styrker og svakheter ved dagens beredskapssystemer.*

I denne FOU er blant anna forventningane til kommunane skildra og det ligg ei anbefaling om at kommunane har ein eigen 40 % stillingsressurs til dette arbeidet. Nabokommunane Voss, Eidfjord, Ullensvang og Kvam har beredskapsressurs på 50 – 100 % stilling. I Ulvik herad har me ca 10 % stillingsressurs. Denne stillingsressursen blir auka til 20 % frå og med 2026.

**Meld. St. 9 (2024–2025) Totalberedskapsmeldingen: Forberedt på kriser og krig**

*Tilråding fra Justis- og beredskapsdepartementet 10. januar 2025, godkjent i statsråd samme dag. (Regjeringen Støre).*

***7 strategiske prioriteringer for regjeringens arbeid med sikkerhet og beredskap***

*Regjeringen skal:*

1. *Sikre bosetting, god grunnberedskap og levende lokalsamfunn i hele landet.*

2. *Utnytte samfunnets samlede ressurser bedre i forebygging og krisehåndtering, herunder involvere næringsliv og frivillige i beredskapsarbeid lokalt, regionalt og nasjonalt.*
3. *Styrke digital motstandskraft og nasjonal kontroll over kritisk infrastruktur og strategisk viktige virksomheter, naturressurser, eiendom og verdier.*
4. *Styrke motstandskraften i befolkningen og bevare høy grad av tillit i samfunnet.*
5. *Styrke forsyningssikkerheten, herunder matsikkerheten.*
6. *Sikre tettere samarbeid mellom sivile sektorer og forsvarssektoren.*
7. *Styrke sivil evne til å understøtte alliert militær innsats i rammen av NATO og gjennom styrket nordisk og europeisk beredskapssamarbeid.*

Det vert jobba aktivt med beredskapen på Finse. Statsforvaltar har arrangert eit møte med Finse som tema der mange aktørar med aktivitet på og interesse for Finse deltok. Det blir oppfølgingsmøte med BaneNor, Finse 1222 og Ulvik herad, med tanke på beredskap, blant anna EPS-senter (Evakuering- og pårørandesenter). I tillegg er det dialog med Telenor om mobildekning på Finse, her skal det haldast eit eige møte i løpet av haust/ vinter.

Kommunikasjonsverktøyet Rayvn innan beredskap er innført og tatt i bruk. Opplæring og jamleg bruk vil stå sentralt framover.

Me har brukt eit interaktivt verktøy til ROS-analyser som heiter Whatif, dette programmet er no under avvikling, og me må kjøpa inn og tileigna oss kunnskap om eit nytt program: Dmaze (Ligg i Rayvn-strukturen). Dette blir eit prosjekt i 2026. Me vil parallelt med innfasing av nytt program, lukka avvika me fekk i tilsynsrapporten frå Statsforvaltar i 2024.

Me har 3 satelitt-telefonar til KKL, 1 satelitt-telefon på Finse og 1 i Osa. Det er lagt inn jamleg testing av desse. Me kjem til å investera i nødnetterminalar til KKL, då det er eit ynskje frå nabokommunane at me kan ha ein samhandlingskanal når det oppstår hendingar i regionen.

Det regionale forumet for beredskapsarbeid for kommunane Ulvik, Eidfjord, Ullensvang, Voss og Kvam har jamlege møter, 2 – 4 i året der me deler kunnskap og drøftar aktuelle temaer innafor beredskapsfeltet. Dette er eit nyttig fora, og det vil bli utarbeidd eit mandat for dette foraet som vil koma opp til politisk handsaming.

Me har tilgang til eit befolkningsvarslingssystem som me kan nytta i beredskapssamanheng. I varslingssystemet er det òg lokasjonsvarsling, det vil seia at me kan nå alle personar med mobilar i eit geografisk område. Dette er eit nyttig verktøy i beredskapssituasjonar.

Me deltek på møte og samlingar i regi av Statsforvaltaren, dette er ein viktig arena for beredskapsarbeidet i kommunen. I tillegg deltek me på fagdagane innan beredskap som Statsforvaltar arrangerer kvar haust.

Me har delteke i "Eigenberedskapsveka" som DSB arrangerer kvar haust. Me har aktuelle nyhender på heimeside og FB denne veka, sender ut informasjonsbrosjyrer, m.m.

Me skal ha møte i Beredskapsrådet i første kvartal kvart år, dette er eit råd der alle aktuelle samarbeidsaktørar vert kalla inn til ei informasjonsutveksling. Dei årlege møta vil ha oppstart i 2026.

Det er stor auke i arbeidet innafor beredskapsfeltet, og me har vanskar med å få løyst dei oppgavene me skal innfor dette fagområdet.

## 7. Kultur (Attraktiv bukommune)

Det er lagt inn avvikling av kinoen i 2026 då det er svært krevjande økonomiske rammer for Ulvik herad. Dette er eit tap for innbyggjarane, og dei årlege kinokveldane på julegateopninga, 17. mai, skulefilm, og det vekentlege kinotilbod vert avslutta.

Det vert årleg gjennomført fleire arrangement i lokal regi innafor ordninga Den kulturelle skulesekken og Den kulturelle spaserstokken. Tilskotet frå fylkeskommune til Den kulturelle skulesekken for 2024/25 er på kr.25.000.-. Her går heradet inn med same beløp. Den kulturelle spaserstokken får ca. kr 40.000,- i tilskot frå fylket. Me får til mange fine arrangement av desse midlane.

Tilskotsordningane kulturmidlar, kulturvernmidlar, kulturpris vert handsama på vårparten. Tilskot til ulike arrangement/kulturaktivitetar vert handsama fortløpande.

Hardanger kulturråd er eit samarbeidsorgan som bl.a. handsamar søknader til det regionale kulturfondet. Det er årleg tildeling av tilskot.

I tillegg er det handsaming av årleg søknadar til næringsfondet og utbetaling av årlege tilskot.

Me handterer spelemiddelsøknader kvart år, og har godt samarbeid med fylket på dette.

Handlingsplan for Kommunedelplan for idrett, aktivitet og friluftsliv rullerast årleg.

Dagsturhytta vart opna desember 2021, og dagsturhytta har vorte ein veldig populær plass å besøkja for innbyggjarar og tilreisande. Ulvik turlag har tilsyn med hytta.

Finse forum har 2 årlege møter og Ulvik herad har sekretærfunksjon her.

Biblioteket har opent to dagar og to kveldar i veka. Kvart år får biblioteket om lag 500 nye bøker via innkjøpsordninga til kulturrådet, i tillegg kjøper biblioteket inn bøker på eiga budsjett for å fornye boksamlinga. Det er fokus på å ha eit godt samarbeid med barnehage og skule for å gjera biblioteket til ein god stad for born og unge.

Jamfør folkebiblioteklova blir det vektlagt at bibliotek skal vera ein uavhengig møteplass og arena for offentleg samtale og debatt. Det er eit mål at alle i Ulvik skal kunna nytta seg av biblioteket, uavhengig av alder og funksjonsnivå. For å leggja til rette for arrangement på biblioteket er det kjøpt inn nye mobile bibliotekhyller. Biblioteket tar imot tilbod om arrangement frå fylkesbiblioteket og samarbeider med lokale aktørar som Haugesenteret. Det er eit satsingsområdet dei neste åra å utvikla biblioteket til å bli ein møteplass og ein debattarena for fleire aldersgrupper.

Det er fokus på auka leseglede og leseferdighet blant born og unge. Me kjem difor til å søkja om midlar til arenautvikling på biblioteket der fokuset er å laga ein inviterande barne- og ungdomsavdeling. Fylkesbiblioteket og Hardangerstiftinga har søkbare midlar til dette føremålet. Me set av kr. 150.000 på eige budsjett, med mål om å henta inn kr. 200.000 – 400.000 hjå eksterne kjelder.

Ulvik herad opna ei ny skuleutstilling i lokala i tilknytt biblioteket den 24. april. No kan me ønskje alle velkomen til å ta del i og bli kjende med den spanande skulehistoria som har utspelt seg i Ulvik sidan starten på 1700- talet. Målet er å vise ei skulestove som vil fungera både som "utstillingsvidauge i bygdebiletet" til glede for innbyggjarar og tilreisande og som vil vera ein stad der skuleklassar og andre kan få kunnskap om skulehistoria til Ulvik og Bagnstronde skule (Jmf Kulturarvsplanen til Ulvik herad). Me har fått midlar frå Hardangerstiftinga til dette arbeidet, pluss at det er satt av ein sum på Næringsfondet til dette arbeidet.

Catharine H. Kølle prosjektet – fase 2: Målet er å formidla ny kunnskap og skapa engasjement og

interesse omkring Kølle. Der vi ønskjer å nå ut til ei brei målgruppe; kulturintere sserte både lokalt, regionalt.

Planlegging av aktivitetar 2025-2026:

Styringsgruppa drøfta moglege aktivitetar i prosjektperioden med utgangspunkt i

budsjettramme og rapporten «Kunsten å gå – kunsten å sjå».

Aktuelle arrangement: Informasjon om Catharine Kølle for turistar og tilreisande, Hardanger Gastronomiske Symposium i Holmen 21. – 23.6.2025, Opning av Kølle-utstilling sommar 2025, der prosjektleiar innleiar om Kølle og prosjektarbeidet

Andre tiltak som blir arbeidd med:

Rotur frå Brakanes til Holmen med smaksopplevingar, C Kølle-guiding i Holmen,

Catharine Kølle-vandring i Ulvik, Produktutvikling knytt til C Kølle, C Kølle for barn og unge (Invitera teaterkompaniet «Eventyr i parken» til å produsera Kølle-framsyning for skule og Barnehage), Presentasjon på plandag i skulane, C Kølle for fastbuande, samarbeidsprosjekt i regionen, Ulviksparlamentet, samarbeid med Sogelaget, Hardanger Historielag, biblioteket, Folkeuniversitetet, o.a., Gjestebod med C Kølle; samarbeid med Slow Food, studiet for matkultur på Hjeltnes og Holmen Kulturpark,

Holmajomfru – kurs i bringklut, samarbeid med Hardanger folkemuseum,

Akvarellkurshelg i Holmen, samarbeid med kunstnar og Holmen kulturpark, Catharine

Kølle-seminar i Holmen 8. – 10. mai 2026.

**8. Næring, reiseliv og bukommune**

Drifta av turistkontoret har funne ein form, men må utviklast kontinuerleg. Besøkstala har auka kvart år, og i sommarsesongen 2025 har det vore ei god auke i båttrafikk i gjestehamna. Turruter, sykkelruter og frukt- og siderruta er dei mest attraktive tilboda saman med besøk i kyrkja. Men andre natur- og kulturopplevingar som Haugesenteret og aktivitet på fjorden er og attraktive tilbod til turistar.

Ulvik har markert 10 år som medlem i Cittaslow-nettverket med mellom anna tur til venskapsbyen Greve, og jubileumsmiddag der heile bygda har vore invitert. Eit auka lokalt fokus har gjort Cittaslow betre kjend i bygda. Cittaslowrådet fekk støtte frå Sparebankstiftinga Hardanger til gjennomføring av lokale aktivitetar.

Book Hardanger AS fekk ny dagleg leiar 1. februar 2025. I tillegg til auka sal til cruise og andre turistar som alt er her, har selskapet auka fokus på utvikling av nye pakketilbod som bidrar til auka trafikk i vårt område. Fleire nye produkt er klare til 2026-sesongen. Selskapet er ein god samarbeidspartnar for fellesprosjektet med Eidfjord, «Omstilling i reiselivet», som starta opp våren 2023. Prosjektet er inne i det siste året, og har fokus på gjennomføring av tiltak som kan stå på eigne bein etter prosjektperioden vert avslutta i juni 2026.

Hardangerrådet og kommunane måtte bidra til auka finansiering av turistbåtruta i Hardanger, drifta av Norled. Det er lagt opp til same auke i 2026.

Visit Hardangerfjord som felles marknadsføringsselskap for regionen, er i gang med utarbeiding av ny reiselivsstrategi for Hardanger. Strategiarbeidet er delfinansiert av kommunane. Parallelt skal selskapet starte opp med sertifisieringsordninga «Berekraftig reisemål» i 2026. Dette er eit nasjonalt

sertifiseringsprogram som dei fleste destinasjonane i Noreg er med på.

Hardanger, Voss og Kvinnherad (HVK) studiesenter vart avslutta som prosjekt i 2025, og vidareført som eit permanent tiltak for desentraliserte studietilbod i samarbeid med ulike utdanningsinstitusjonar. Tilboda har hatt god søkning og er viktig for kompetanseutvikling i regionen.

Strategisk nærings- og utviklingsplan (SNU-planen) sin tiltaksdel skal rullerast i haust. Mesteparten av tiltaka i gjeldande plan er gjennomført, og det er føreslått å sette av kr 200.000 på næringsfondet til gjennomføring av tiltak som kjem inn i den nye tiltaksdelen.

Bruken av næringsfondet er basert på politiske vedtak og avtaler som er gjort. I tillegg er det henta tiltak frå SNU-plan, Kulturminneplan, Reiselivsstrategi og Plan for turruter, sjå eige notat og detaljbudsjett for bruk av Næringsfondet.

<u>Tiltak i 2026:</u>

1. SNU-plan: Nye tiltak i etter rullering av tiltaksdel, kr 200.000
2. SNU-plan: Reguleringsplanen for sentrum er vedtatt, og gjennomføring av tiltak kan starta opp. Det er budsjettert med 1.500.000 til sentrumsutvikling.
3. SNU-plan: Bukommune, marknadsføring og rekruttering kr 100.000
4. SNU-plan, regionalt samarbeid, Hardanger og Voss næringshage kr 50.000,-
5. SNU-plan, Merking av turstiar, kr 100.000,-
6. SNU-plan: Tilrettelegging ny aktivitet i butikklokale på Plato AS, kr 200.000,- Ved realisering av ein fjernbetjent daglegvarebutikk vil det vere plass til fleire aktørar i lokalet. Men det vil krevje noko tilrettelegging.
7. Reiselivsstrategi: Støtte til sertifisering som Berekraftig reisemål kr 200.000,- etter søknad frå Visit Hardangerfjord.
8. Reiselivsstrategi: Informasjonsskilt kr 50.000
9. SNU-plan, regionalt samarbeid HVK studiesenter, kr 9.000,-
10. SNU-plan, regionalt samarbeid, turistbåtruta, kr 140.000

Omstillingsprosjektet for reiseliv vert avslutta, og kr 330.000 er tatt ut.

Tilskotet til Cruise destinasjon Hardangerfjord, kr. 40.000, er tatt ut. Avtalen opphøyrer ved utgangen av 2025.

Det er satt av kr 600.000 på næringsfondet som lokale verksemder kan søkja på.

Det er òg svært viktig å få realisert fleire bueiningar i Ulvik, i ulike storleikar og kategoriar

(leige/kjøp, einebustad/leilighet, etc), dette er ein nøkkel til folketalsutvikling.

## 9. Overordna styringssystem

Me har dei siste åra innført budsjettering- og rapporteringsystem (Arena + Stratsys), og dette fungerer fint. I 2025 tok me i bruk nytt ERP-system (Personal, løn og økonomi). Me er fortsatt i prosess med å tilleigna oss kunnskap om dette systemet og bruka det effektivt. Dette skal gje oss gode digitale arbeidsprosessar og fjerna dei fleste manuelle prosessar (papir) me har i dag. Det nye verktøyet skal gje meir flyt i arbeidsprosessane og setja leiarane i stand til å gjera betre økonomiske analyser.

#### 2.2.2.4 Tenesteproduksjon

**TILLEGSINFORMASJON DRIFT STAB:**

**IT**

Ulvik herad kjøper 40 % IT-ressurs frå Eidfjord kommune. Denne auken har vore nødvendig for å drifta IT-eininga på ein god måte, i tillegg til å gjennomføra digitaliseringsprosjekt og ivareta IT-tryggleiken.

**Næring**

Det har vore godt kontakt med Næringshagane på Voss og i Hardanger, dette har resultert i fleire nye utviklingsprosjekt, moglege etableringar og faste kontordag i Ulvik. Dette samarbeidet er viktig framover.

Arbeidet med merking og rydding av turstiar vert vidareført og er ei viktig satsing for Ulvik.

Cittaslowrådet har jamlege møte og er ein viktig samarbeidsorgan i Cittaslow-arbeidet. Ulvik har vore Cittaslow-medlem i 10 år i 2025, og hadde ein markering med "bygdemiddag" for alle innbyggjarar.

**Politisk**

Stab har ein samordningsfunksjon for politisk aktivitet og har ansvar for innkalling, referat og anna arbeid kring den politiske aktiviteten. Det er laga eit oppsett for politisk rekneskap og dette er viktig å ha fokus på og vidareutvikla dei neste åra.

**Økonomi**

Me har starta prosessen med å gjennomgå Kostra-standardar og fordeling av kostnad på ulike kategoriar, dette arbeidet vil ha fokus i økonomiplanperioden.

**Vigsel**

Ulvik herad tilbyr vigsel i Ulvik. Lokasjon for vigselen varierer, det kan vera på Finse, hotellet, i ein hage, etc.

**Ungdomsråd**

Ulvik ungdomsråd har medlemer frå grunnskulen og vidaregåande skule. I tillegg til lokalt ungdomsråd, deltek leiar (+vara av og til) i Hardanger Ungdomsråd.

**Tv-aksjonen**

Dette er ein årleg innsamlingsaksjon som Ulvik herad har ansvar for å organisera.

**17. mai**

Ulvik herad initierer og set i gang 17. mai komiteen, og har i tillegg oversikt over økonomiske disposisjonar.

### 2.2.3 Internkontroll og tilsyn

Internkontrollen skal sikra at me har kvalitet og effektivitet i tenestene våre, og at me følgjer lover og reglar. I Ulvik herad har me starta digitalisering og utvikling av internkontrollsystemet vårt og er godt i gang med dette arbeidet. Me nyttar internkontrollsystemet Compilo, og me har allereie nytta

avviksmodulen til Compilo eit par år. Det er stort fokus på å digitalisera alle rutiner, planar og prosedyrer i Compilo, dette arbeidet vil fortsatt ha stort fokus, også i 2026. Målet vårt er at all dokumentasjon knytt til internkontroll skal vera strukturert, digitalisert og tilgjengeleg frå ei side som er tilgjengeleg for alle tilsette.

Tilstrekkeleg og oppdatert dokumentasjon er ein føresetnad for læring og utvikling, både i opplæring av nytilsette og i vedlikehalds- og forbetringsprosessar. Pr i dag er me på god veg for å få eit slik system, men det gjenstår fortsatt ein del arbeid før me har fått ein fullgod base. Arbeidet med internkontrollsystemet er eit kontinuerleg arbeid som må ha høg prioritet framover.

Personvern - GDPR:
Ulvik herad har kjøpt personvernombodstenesta frå Bergen kommune, og dette har fungert fint. Men dette samarbeidet er avslutta pga stramjme økonomiske rammer. Me har fått på plass viktige styringsdokument innan arbeidet med personvern og har oppretta eit tryggleiksforum (leiargruppa) som møtest kvar 3.månad . Spesialkonsulent og kommunedirektør har jamlege statusmøte med ombodstenesta. Alle tenesteområda har laga behandlingsprotokollar jf. lovkrav i personopplysningslova. Alle tenesteområder har laga behandlingsprotokollar jf. lovkrav i personopplysningslova. Ulvik herad har kjøpt inn og brukar GDPR-systemet DraftIt.

Vedtaksoppfølging:
Me kan enkelt kan hente ut status for politisk vedtekne saker. Sakshandsamarane og leiarane har korger i sakssystemet som inneheld politisk vedtekne saker. Når sakene er effektuert endrar sakshandsamar sjølv status.

Jamleg opplæring: Tenestetorget held verkstadar i sakssystemet, med ulike tema.

Arkivplan:
Heradet har ein oppdatert nettbasert arkivplan som del av vår internkontroll for dokumentasjonsbehandling. Arkivplanen er tilgjengeleg for både interne og eksterne brukarar. Arkivplanen gjev bindande retningsliner for behandling av all informasjon og dokumentasjon i heradet. Arkivlova med føresegner ligg til grunn for prosess- og rutineskildringar.

Avvikssystem, Compilo:

- ALLE tilsette har tilgang
- Alle tilsette kan følge status på sine innmeldte avvik.
- Leiarane gjer avvikshandteringa her
- Leiarane hentar ut rapportar og statistikk
- Verneomboda har lesetilgang på avvik meldt inn i kategorien HMT

Tilsyn

Ulvik herad har forvaltningsrevisjon på «kompetanse og rekruttering» som pågår i 2025 og 2026

Ulvik herad jobbar fortsatt med å lukka avvika etter beredskapstilsynet utført av Statsforvaltar i 2024.

# 3 Oppvekst

## 3.1 Tenesteproduksjon

### 3.1.1 Innleiing

**Oppvekst**

**Saman om ein inkluderande og god oppvekst**

Økonomiplanen for Oppvekst omfattar planperioden 2026-2029 og legg rammene for prioriteringar, ressursfordeling og tiltak innan barnehage, grunnskule, SFO, vaksenopplæring, kulturskule, ungdomsklubben og utvikling av Spira. Planen har som mål å sikre økonomisk bærekraft, føreseieleg drift og prioritering av kvalitet i tenestetilbodet for born og unge.

Planarbeidet tek utgangspunkt i prognosar for barnetalsutvikling, nasjonale lovkrav, lokale behov og kommunale mål om å fremja inkludering, tidleg innsats og likeverdig opplæring. Hovudutfordringar i planperioden kan vere demografiske endringar, uføresett auka behov for individuelt tilrettelagd opplæring og behov for styrke inn mot læringsmiljø og læringskultur som kan krevja auka bemannings- og lønnskostnader.

Føremålet med planen er å balansere kortsiktig drift med langsiktig investering i kompetanse og infrastruktur, og å foreslå tiltak som tryggjer kjerneoppgåvene innanfor rammene av vedteke økonomiske rammer. Tiltak og prioriteringar i planen skal bidra til å oppretthalde kvalitet, løfte læringsresultat og sikre at alle born får gode, trygge og inkluderande oppvekstvilkår. Vidare legg planen til grunn løpande oppfølging, måling av ressursutnytting og justeringar ved behov gjennom årsbudsjett og tertialrapportar.

Ulvik herad skal sikra gode og samanhengande tenester for born og unge, med vekt på førebygging, tidleg innsats og inkludering. Tenestene skal byggja på felles verdiar og haldningar, og borns beste skal alltid stå i sentrum.

Oppvekstområdet skal arbeida heilskapleg på tvers av fag og einingar, i tett samarbeid med born, unge og føresette. Digitale løysningar skal nyttast for å forenkla og forbetra tenestene.

Som barnehagemynde skal heradet sjå til at barnehagen driv i tråd med regelverket, og rollene som barnehageeigar og barnehagemynde skal vera tydeleg fråskilde for å sikra upartiskheit og tillit.

### 3.1.2 Økonomisk oversikt og mål for planperioden

#### 3.1.2.1 Økonomi

**§5-4-2 løyvingsoversikt per eining**

| Beskrivelse | Regnskap 2024 | Budsjett 2025 | Budsjett 2026 | Budsjett 2027 | Budsjett 2028 | Budsjett 2029 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Oppvekst | | | | | | |
| Driftsinntekter | -5 472 000 | -2 555 000 | -4 257 000 | -4 257 000 | -4 257 000 | -4 257 000 |
| Driftsutgifter | 50 093 000 | 42 286 000 | 44 265 000 | 43 460 000 | 43 460 000 | 43 460 000 |

| Beskrivelse | Regnskap 2024 | Budsjett 2025 | Budsjett 2026 | Budsjett 2027 | Budsjett 2028 | Budsjett 2029 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Netto | 44 621 000 | 39 731 000 | 40 008 000 | 39 203 000 | 39 203 000 | 39 203 000 |

**Økonomi**

Målet for oppvekstsektoren er å halda drifta innanfor budsjettramma. Det vert likevel vurdert som krevjande i 2026, særleg på grunn av behov for ekstra ressursar i skulen første del av året.

Rammene for planperioden byggjer i hovudsak på dagens tenestetilbod og tek høgd for kjende endringar i løns- og prisnivå.

Det ligg føre politisk vedtak om at skulen skal vere 10-delt. Frå 1. august 2026 vert det føreslått å endre til 9-delt struktur. Barnehagen skal framleis vere 4-delt.

Ordninga med gratis varm mat frå Omsorgstunet vert avvikla, men det kan opnast for eit alternativ der føresette får høve til å kjøpe mattilbod frå Omsorgstunet mot betaling.

Gjennom omorganisering av leksehjelp og lagleiarstruktur skal skulen driftast meir kostnadseffektivt. Reduksjon i ITO-vedtak for hausthalvåret vil også gje noko innsparing.

Frå 1. januar 2026 vert miljøterapeutstillinga, som tidlegare er finansiert over driftsfondet, innarbeidd i faste lønsmidlar. Miljøterapeuten vil halde fram i stillinga, med moglegheit for justering av delar av arbeidsoppgåvene for å møta prioriteringar og ressursbehov. Ein del av stillinga kan bli retta mot oppgåver knytte til enkeltvedtak når elevar har behov for dette og skal dokumenterast og avgrensast i høve til gjeldande regelverk og prioriteringar i Oppvekst.

Det vert lagt opp til reduksjon i kulturskulen ved at dirigentstillinga vert avslutta. Koordineringa av ungdomsrådet vert flytta frå administrasjonen og organisert gjennom den politiske verksemda.

Løyvingane til oppvekst legg til rette for vidareføring av eit heilskapleg og inkluderande tilbod frå barnehage til ungdomsalder. Det vert særleg vektlagt å styrkje tverrfagleg samarbeid og førebyggjande arbeid.

Investeringar knytte til oppvekstområdet, som oppgradering av inventar og IKT-utstyr, er tekne inn i investeringsdelen av økonomiplanen.

## §5-5-2 løyvingsoversikt investering per prosjekt

| Beskrivelse | Budsjett 2026 | Budsjett 2027 | Budsjett 2028 | Budsjett 2029 |
|---|---|---|---|---|
| Oppvekst 030124 IKT oppvekst 2025-2028 (agresso 2105) | 313 000 | 500 000 | 538 000 | 350 000 |
| Oppvekst 030224 Inventar oppvekst 2024-2028 (agresso 4538) | 363 000 | 263 000 | 100 000 | 100 000 |

## Investeringsoversikt 2026-2029 - per tiltak

| **Investeringsbudsjett 101125 alt bhg** | **2026** | **2027** | **2028** | **2029** |
|---|---|---|---|---|
| **OPV: IKT-utstyr Brakanes skule (031)** | **312 500** | **312 500** | **350 000** | **350 000** |

| Investeringsbudsjett 101125 alt bhg | 2026 | 2027 | 2028 | 2029 |
|---|---|---|---|---|
| OPV: IKT-utstyr barnehage (029) | 0 | 187 500 | 187 500 | 0 |
| OPV: Inventar Brakanes skule (032) | 250 000 | 225 000 | 62 500 | 62 500 |
| OPV: Inventar barnehagen (030) | 112 500 | 37 500 | 37 500 | 37 500 |

## Investeringar – Oppvekst

Det er trong for å investera i oppgradering av inventar i klasserom, lærarkontor og ved skulen. Skulen har behov for garderobeskåp til elevane av omsyn til branntryggleik. Det er også trong for nye elevstolar, hyller og skåp til kontor, klasserom og fellesområde.

Barnehagen har behov for oppgradering av personalrom og fornying av utstyr og inventar i barneareala. Det vil også vere aktuelt å fornya kontorplassar for pedagogiske leiarar og barnehagelærarar i planperioden.

Digitalisering er eit prioritert satsingsområde, både nasjonalt og lokalt. Skulen har interaktive tavler i alle klasserom, men fleire av desse må fornyast i planperioden. Elev- og lærar-PC-ar, iPad-ar, og anna tilbehøyr må også fornyast jamleg.

For å kunna gje elevane dei grunnleggjande digitale dugleikane dei treng for vidare læring og utvikling, er det være naudsynt å investere til digitalt utstyr i planperioden.

Det er vidare behov for investering i digitalt utstyr til barnehagen frå 2027.

### 3.1.2.2 Årsverk

**Årsverk**

| Ansvar | Totalt antall årsverk | Faste | Midlertidige | Sal av teneste til andre kommunar |
|---|---|---|---|---|
| 220 | 14,7 | 14,7 | 1 | |
| Styrar | 1 | 1 | | |
| Ulvik Barnehage | 13,2 | 13,2 | 1 | |
| Kommunalsjef oppvekst | 0.3 | 0,3 | | |
| Merkantil | 0,2 | 0,2 | | |
| 230 | 27,03 | 26,28 | | 22,61 |
| Adm rektor /assrektor | 1,6 | 1,6 | | |
| Brakanes Skule Lærar/fagarb/ass | 19,29 | 19,29 | | |
| Merkantil | 1,18 | 1,18 | | |
| IKT | 0,4 | 0,4 | | |
| SFO | 1,65 | 1,45 | 0,2 | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Kulturskulen | 1,81 | 1,66 | 0,15 | 22,61 |
| Dirigent | | | | |
| Ungdomsklubben Ameron | 0,4 | 0,4 | 0 | |
| Koordinator ungdomsråd | | | | |
| Kommunalsjef oppvekst | 0,7 | 0,7 | 0 | |

Tenesteområde oppvekst 2026 omfattar Ulvik barnehage, Brakanes barne- og ungdomsskule, SFO, Ulvik kulturskule, vakesnopplæring, ungdomsklubb og skuleskyss.

Spira barne- og familieeining, omfattar PPT, barnevern, familierettleiing og skulehelseteneste, ligg fagleg under oppvekst, men økonomisk under helse og velferd.

Vaksenopplæringa ligg administrativt under oppvekst, og tenesta vert per i dag kjøpt frå Voss herad.

**Tal årsverk, budsjett og innhald**

Det er totalt **42,77 årsverk** innanfor tenesteområdet i 2026, der **1,15 årsverk** er mellombelse stillingar.

**Budsjettramma for 2026** er på **kr 39 652 144**.

**Tal born og elevar**

- Ulvik barnehage har per 1. januar 2026 45 born og 16 tilsette, fordelt på om lag 14,7 årsverk.
- Brakanes barne- og ungdomsskule har 140 elevar pr 1. januar 2026. 1. august 2026 vil elevtalet truleg liggje på omlag 130 elevar.
- SFO har 42 born.
- Ulvik kulturskule har 93 plassar, fordelte på 66 born og ungdomar.

Utviklingstrekk

Ifølgje tal frå **SSB (2023)** er det venta at **elevtalet vil gå noko ned** i økonomiplanperioden, medan **talet på barnehageborn** ser ut til å **auka noko**.

Utviklinga i elevtal og fødselstal kan påverka oppvekstenestene i Ulvik herad direkte. Nedgang i elevtal kan gi reduserte inntekter, behov for endra organisering og utfordringar med sosialt miljø og fagleg breidd. Samstundes gir auke i fødselstal større behov for barnehageplassar, skulekapasitet og fagpersonell. Heradet føl utviklinga nøye og planlegg for fleksible løysingar som sikrar kvalitet og berekraft i tenestene for born og unge.

### 3.1.2.3 Mål for økonomiplanperioden

**Mål for økonomiplan 2026–2029 – Saman om ein inkluderande og god oppvekst**

Ulvik herad skal gje alle born og unge ein trygg, inkluderande og utviklande oppvekst.

Hovudsatsinga i planperioden er inkluderande oppvekstmiljø, med vekt på tidleg innsats, godt læringsmiljø og tett samarbeid mellom barnehage, skule, foreldre og lokalsamfunn.

**Hovudmål:**

- Skape trygge, inkluderande og læringsfremjande miljø der alle born og elevar opplever trivsel, respekt og medverknad.

Auka læringsutbyte og trivsel for alle born og unge.

Styrkt fagkompetanse og rekruttering av kvalifisert personell i barnehage og skule.

Etablering og vidareutvikling av tverrfaglege tiltak, som Spira barne- og familieeining, for betre samordning av tenester.

**Prioriterte tiltak:**

Systematisk arbeid med antimobbeprogram, klassemiljøvurderingar, sosial kompetanse og foreldresamarbeid.

Tiltak for ein trygg digital kvardag og førebygging av digital mobbing.

Implementeringa av Språk-, lese- og lærestrategiplan og styrkja tilpassa opplæring for barn og elevar med særlege behov.

Tidleg innsats og tett oppfølging av born og unge i samarbeid med tverrfaglege tenester, familiar og lokalsamfunn.

Vidareutdanning og rekruttering av pedagogisk personell.

Investeringar i IKT-utstyr og inventar for moderne og funksjonelle læringsarena.

**Oppfølging og resultat:**

- Årlege brukar- og elevundersøkingar skal synleggje auka trivsel, redusert mobbing og betre psykososialt miljø, med konkret oppfølging av avdekka utfordringar.

Målretta systemarbeid og årlege analysar av resultat frå barnehage, skule og brukarundersøkingar.

Prioritering og evaluering av tiltak basert på effekt, kvalitet og ressursutnytting.

Fokus på tiltak som gir varig effekt for læring, trivsel og oppvekstvilkår.

**Samla mål:**
Satsinga skal bidra til eit berekraftig og inkluderande oppvekstmiljø som legg grunnlag for trivsel, læring og framtidig kompetanse i Ulvik herad.

#### 3.1.2.4 Tenesteproduksjon

**Endringar i drift, tenester som utgår, omorganisering**

Heradet skal gjennomføra tiltak for å effektivisere drift og redusere kostnader på område der det er

fagleg forsvarleg og ikkje krav om lovpålagt nivå. Dette inneber at nokre tenester blir redusert eller utgår, utan at det er dekka av fagmål:

Reduksjon i individuelt tilrettelagt opplæring der det er mogleg innanfor ordinære klassar og lovverk.

Samanslåing av klassar frå 10-delt til 9-delt skule.

Omorganisering av leksehjelp.

Fjerning av varmmatservering til elevar.

Ferie- og stengingsdagar i barnehage: 4 veker feriestengt og 3 dagar stengt i påskeveka.

Kutt i ressursar til dirigent i skulekorps.

Ungdomsråd, kan organiserast av politisk.

Frå 1. januar 2026 vert miljøterapeutstillinga, som tidlegare er finansiert over driftsfondet, innarbeidd i faste lønsmidlar. Miljøterapeuten vil halde fram i stillinga, med moglegheit for justering av delar av arbeidsoppgåvene for å møta prioriteringar og ressursbehov. Ein del av stillinga kan bli retta mot oppgåver knytte til einskildvedtak når elevar har behov for dette. Slik bruk skal dokumenterast og avgrensast i høve til gjeldande regelverk og prioriteringar i Oppvekst.

Tiltaka vil bli gjennomførte med omsyn til økonomisk effekt og konsekvensar for born og elevar, og med sikte på å oppretthalde kjernefunksjonar innanfor lovpålagt nivå.

### 3.1.3Internkontroll og tilsyn

**Oppvekst**

Oppvekstsektoren i Ulvik herad omfattar barnehage, grunnskule og førebyggjande tenester for barn og unge.
Målet for planperioden 2026–2029 er å sikre trygge og utviklande oppvekstvilkår gjennom tidleg innsats, høg kvalitet og godt samarbeid på tvers av tenestene.
Det skal leggjast vekt på fagleg utvikling, inkluderande læringsmiljø og systematisk arbeid med helse, miljø og tryggleik (HMT), brannvern, personvern og internkontroll.
Oppvekstsektoren skal vere ein trygg og føreseieleg arena for born, elevar og tilsette.

**Status**

**Barnehage:**
Det har ikkje vore tilsyn med krav om oppfølging i 2025. Kontroll av leikeutstyr på uteleikeplassen vart gjennomført 2025.
Barnehagen har gjennomført brannvernopplæring for dei tilsette og deltek årleg i brannøvingar.
Plan for alvorlege hendingar vart ferdigstilt i 2024 og vert følgt opp jamleg.

**Skule:**
Brakanes skule har revidert fleire planar, instruksar og rutinar innan helse, miljø og tryggleik (HMT) og brannvern.
Tilsette får årleg opplæring i hjarte–lungeredning (HLR), og personale som har symjeundervisning får opplæring i livredning i vatn.
Samfunn og plan har gjennomført fleire utbetringar av skulebygget i 2025.

Det vert gjennomført årleg brannteknisk tilsyn på alle særskilde brannobjekt, og det vert halde både melde og umelde brannøvingar.
Avvik vert meldt og handsama i *Compilo*, og det er utarbeidd protokoll for personvern (GDPR).
, og det er etablert rutinar for arbeid mot mobbing og krenkingar.
Plan for alvorlege hendingar vart ferdigstilt i 2024.

**Utfordringar**

Behov for kontinuerleg oppdatering av planverk og rutinar innan HMT, brannvern og personvern.

Krav om jamleg kompetanseheving for tilsette innan tryggleik, beredskap og førebyggjande arbeid.

Vedlikehald og oppgradering av bygg og uteområde innanfor tronge økonomiske rammer.

Sikre systematisk bruk og oppfølging av avvikssystemet *Compilo.*

Vidareutvikle det førebyggjande arbeidet mot mobbing og krenking, samt styrkje samhandlinga mellom skule, barnehage og førebyggjande tenester.

**Tiltak 2026–2029**

HMT- og brannvernplanar skal vidareførast og oppdaterast for barnehage og skule.

Førebyggjande handlingsplan mot vald og overgrep skal impementrast i 2026.

Kompetanseheving innan tryggleik, personvern, beredskap og psykososialt miljø skal prioriterast.

Arbeidet med førebygging av mobbing og krenking skal styrkjast gjennom tettare samarbeid på tvers av tenestene.

Det digitale avvikssystemet *Compilo* skal vidareutviklast som styringsverktøy for læring og kvalitetsforbetring.

Bygg og uteområde skal vedlikehaldast og oppgraderast etter behov og økonomiske rammer.

Planverk og rutinar skal oppdaterast i tråd med ny lovgiving og nasjonale føringar.

# 4 Helse og velferd

## 4.1 Tenesteproduksjon

### 4.1.1 Innleiing

Helse og velferd har fleire krevjande år bak seg, med store endringar i drift og eit kontinuerleg arbeid for å lukkast med å få drifta til å samsvare med budsjett. Det har krevd stor innsats frå alle delar av organisasjonen, og eit svært godt samarbeid mellom tilsette, tillitsvalte, verneombod og leiarar. Budsjettet for 2026 er i balanse, men det krev framleis nedtrekk i tenesteyting og årsverk, samt auke i gebyr og eigendelar.

Heldigvis ser det ut til at eininga lukkast med å unngå dei voldsomme avvika ein såg frå 2021 til 2023. Likevel har det vist seg utfordrande å komme heilt i mål. Det er alltid risiko for at ein bommar med budsjetteringa i ei eining som kan oppleve store variasjonar som følgje av nye enkelttiltak og kostbare eksterne tenester. Likevel er det von om reell budsjettkontroll- og disiplin i 2026. Grafen under syner utviklinga dei siste åra, og prognosane for 2026.




Samstundes som eininga skal få økonomien til å gå opp er det viktig å ha rom for fagleg utvikling og endringsarbeid. Det er stadig nye krav til helse og velferdstenestene gjennom nasjonale faglege råd og rettleiiarar, nye lovkrav, offentlege utgreiingar og reformar. Dei dyktige fagfolka i eininga gjer ein stor innsats for at Ulvik herad skal yte god kvalitet og levere lovpålagte oppgåver. Det er likevel viktig å vise at helse og velferd ikkje er ei høgt prioritert eining i Ulvik herad.

Grafane under viser utgifter til helse og omsorgstenester i Ulvik herad samanlikna med Kostra-gruppe 14, og dei viser tydeleg at Ulvik herad ligg under kostragruppa på alle punkt i 2024. I 2025 vart ramma ytterlegare redusert, men det er lagt inn ein liten auke for 2026.

12362: Utgifter til tjenesteområdene, kommunekonsern, etter art og år. Ulvik, Helse- og omsorg, Beløp per innbygger (kr).




*Kilde: Statistisk sentralbyrå*

12362: Utgifter til tjenesteområdene, kommunekonsern, etter art og år. KOSTRA-gruppe 14, Helse- og omsorg, Beløp per innbygger (kr).




*Kilde: Statistisk sentralbyrå*

Det er ikkje realistisk å vente at helse og velferd skal drive veldig mykje meir effektivt enn samanliknbare kommunar, sjølv om det er svært dyktige folk i eininga. I utkastet til ny samfunnsdel står det på side 12 at behovet for tenester til eldre vil auke i framtida, men at det ikkje blir lagt opp

til ein auke i tenestenivå. Då er det heilt naudsynt med hardare prioriteringar, satsing på førebygging, og at ein løyser tenesteytinga så effektivt som råd. På side 17 i utkastet står det at tenestene skal vere tilstrekkelege, og at me skal tilpasse oss eit nivå me kan levere på. Derfor er det lagt inn ei rekke målsetningar og prioriteringar i budsjettet som skal bidra til at heradet lukkast med dette. Samstundes er det ei rekke prioriteringar i uktastet til samfunsdel som det krev ressursar i helse og velferd for å nå. Det skal bli jobba mot utanforskap med førebygging og tidleg innsats, og ein skal vidareutvikle tverrfagleg samarbeid. Budsjettet som no blir lagt fram nærmar seg eit absolutt minimum for å ha von om å levere på målsetningar og levere lovpålagte tenester.

## 4.1.2 Økonomisk oversikt og mål for planperioden

### 4.1.2.1 Økonomi

#### §5-4-2 løyvingsoversikt per eining

| Beskrivelse | Regnskap 2024 | Budsjett 2025 | Budsjett 2026 | Budsjett 2027 | Budsjett 2028 | Budsjett 2029 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Helse og velferd | | | | | | |
| Driftsinntekter | -19 691 000 | -14 966 000 | -11 961 000 | -11 961 000 | -11 961 000 | -11 961 000 |
| Driftsutgifter | 73 640 000 | 67 129 000 | 73 377 000 | 73 924 000 | 73 924 000 | 73 924 000 |
| Netto | 53 950 000 | 52 163 000 | 61 415 000 | 61 962 000 | 61 962 000 | 61 962 000 |

Integreringstilskot har tidlegare blitt ført som inntekt i driftsrekneskapet og budsjett. Dette er endra frå rekneskap 2025 og budsjett 2026 slik at både tilkotsoverføringa og fondsbruken er helde utanfor driftsinntektene. Dette er årsaka til at det tilsynelatande er ein reduksjon i driftsinntekter frå 2025 til 2026. I realiteten er det ein auke i budsjetterte inntekter frå -25 til -26 etter auke i gebyr og eigendelar for helse og velferdstenester.

Driftskostnader går opp primært grunna to forhold:

- auke i løyving til lønnskostnader i turnus på omsorgstunet som reverserer litt av det svært ambisiøset nedtrekket frå 2024 til 2025. Samanlikna med 2024-nivå er driv omsorgstunet framleis vesentleg rimelegare.

- Justering av driftsbudsjettet til Spira etter oppstartsåret. Eininga har no oversikt over faktiske driftskostander og må budsjettere deretter.

#### §5-5-2 løyvingsoversikt investering per prosjekt

| Beskrivelse | Budsjett 2026 | Budsjett 2027 | Budsjett 2028 | Budsjett 2029 |
|---|---|---|---|---|
| Helse og velferd 040224 Elektronisk pasientjournal 2025 (agresso 3445) | 1 739 000 | 0 | 0 | 0 |

| Beskrivelse | Budsjett 2026 | Budsjett 2027 | Budsjett 2028 | Budsjett 2029 |
|---|---|---|---|---|
| Helse og velferd<br>040324 Pasientvarsling 2025 (agresso 3446) | 3 440 000 | 0 | 0 | 0 |

Helse og velferd har to investeringsprosjekt for økonomiplanperioden som begge som blir vidareført i 2026. Prosjekta er heilt naudsynte investeringar i 1. fagsystem etter at gjeldande løysing vart sagt opp frå leverandør og utgår i 2027, og 2. investering i pasientvarslingsanlegg med platform for velferdsteknologi som er dekkande for behovet i 2025. Dagens løysing er ikkje tilfredsstillande. Prosjektet er iverksett i 2025 - fagsystem er i implementeringsfasen, mens pasientvarslingsanlegg skal ut på anbod på nyåret.

### Investeringsoversikt 2026-2029 - per tiltak

| **Investeringsbudsjett 101125 alt bhg** | **2026** | **2027** | **2028** | **2029** |
|---|---|---|---|---|
| **HOV: Elektronisk pasientjournal (027)** | **1 738 703** | **0** | **0** | **0** |
| **HOV: Pasientvarslingsanlegg (028)** | **3 440 300** | **0** | **0** | **0** |

## 4.1.2.2 Årsverk

### Årsverk

| Ansvar | Totalt antall årsverk | Faste | Midlertidige | |
|---|---|---|---|---|
| Ansvar | Totalt antall årsverk | Faste | Midlertidige | |
| 240 - 1209 | 1 | 1 | | Kommunalsjef |
| 240 - 1210 | 1 | 1 | | Tildelingskontor |
| 240 - 2345 | 0 | 0 | | Dagavdeling for personar med demens |
| 240 - 2410 | 5,83 | 4,83 | 1 | Legekontor og kommunelege |
| 240 - 2412 | 2 | 2 | | Fysioterapi |
| 240 - 2420 | 0,8 | 0,8 | | NAV |
| 240 - 2421 | 1 | 1 | 0 | Flyktningteneste |
| 240 - 2425 | 0,35 | 0,35 | | Kommuneoverlege |
| 240 - 2530 | 20,71 | 20,71 | | Turnus sjukeheim, sjukepleiarar og fagfunksjonar |
| 240 - 2531 | 3,99 | 3,99 | | Kjøkken |
| 240 - 2571 | 0,2 | 0,2 | | Omsorgsbustader |
| 240 - 2573 | 0 | 0 | 0 | MNF |
| 240 - 2580 | 4,29 | 4,29 | | Heimesjukepleie |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 240 - 2581 | 1 | 1 | | Praktisk bistand |
| 240 - 2584 | 1 | 1 | | Psykisk helse og rus |
| 240 - 2582 | 0,6 | 0,6 | | Ergoterapi |
| 241 - Spira | 3,73 | 3,73 | | |
| Totalt | 47,50 | 46,5 | 1 | |

**240 – Helse og velferd**
Totalt er det budsjettert med 47,5 årsverk for 2026. Vedteke plan for berekraftig omstilling i helse og velferd frå 2024 sette eit mål om 45 årsverk for eininga, ekskludert Spira. 47,5 årsverk er inkludert Spira, og godt innanfor målsetninga.

**240 - 1209: Administrasjon**
Kommunalsjef har overordna budsjett-, personal-, og økonomiansvar for heile helse og velferd. Fungerer som næraste leiar for legekontor og psykisk helse og livsmeistring, for mellomleiarar på omsorgstunet, og for leiar Spira. Strategisk arbeid i kommunedirektøren si leiargruppe, i samhandlinga eksternt mot andre kommunar og RHF, samt NAV-vestland. Følgjer opp fleire interkommunale samarbeid, og fleire enkelttiltak til menneske med nedsett funksjonsevne.

**240 - 1210 Tildelingskontoret**
2 stillingar, 1 årsverk. Ansvar for sakshandsaming i helse- og omsorg, inkludert klagehandsaming. Har ansvar for skjenkesaker. Ansvar for vederlagsberekning og fakturering for helse- og omsorgstenester. Tildelingskontoret har og ansvar for koordinerande eining og individuell plan i samarbeid med fysio/ergo og barnekoordinator.

**240 – 2345 Dagavdeling for personar med demens**
For 2025 var det budsjettert med 0,6 årsverk til gjenoppstart dagavdeling. Denne er kutta frå budsjett 2026. Tanken var at ein skulle ha ope dagavdeling fleire dagar i veka, med eigen ressurs tilknytt dette inkludert demenskoordinator. For 2026 må dette løysast innanfor tilgjengelege årsverk på sjukeheimen, og bli planlagt i turnus. Opneingstider for dagavdeling blir avgrensa av tilgjengeleg arbeidskraft.

**240 – 2410 Legekontor**
5,83 årsverk, 7 stillingar. 4 medhjelparar og 3 legar.
Legekontoret har gjennom 2025 blitt omorganisert. Me har over fleire år hatt 3 legar tilsett ved legekontoret, derav to fastlegestillingar. Begge fastlegane er i spesialiseringsløp for allmennmedisin. Siste legestilling er ein stilling for LIS1 (tidlegare turnuslege), som rullerer kvar 6mnd. 0,2 årsverk er ein ny funksjon for merkantile og administrative oppgåver som tidlegare vart ivareteke av eigen leiarfunksjon for legekontoret. 0,2 årsverk er lungesjukepleiar, funksjonen er ikkje ny - men flytta frå teneste 2530 av av omsyn til rett kostrarapportering.
Ressursane dekker dei kommunale fastlegetenestene, daglegevakt og vakter i IKL, tilsynslege, psykososialt kriseteam, med meir.Tal legeårsverk i Ulvik herad er høgt. Me vesentleg over kostraguppa vår, men me har ei stabil og robust organisering med lite til ingen bruk av vikarbyrå. Ser ein vekk frå LIS1 stillinga som er sjølvfinansierande ligg Ulvik herad tilnærma lik kostragruppa, sjølv om ein inkluderer ny kommuneoverlegefunksjon på 0,35 årsverk. Kjelde: 11996: Legeårsverk i kommunale helse- og omsorgstjenester, etter avtaleform, funksjon, region,

statistikkvariabel og år. Statistikkbanken

**240 – 2411 Legevakt**
Det er ingen eigne årsverk til legevakt i Ulvik herad. Tenesta er organisert gjennom Voss interkommunale legevakt, der legeressursar frå Ulvik legekontor inngår i vaktordning.

**240 – 2412 Fysioterapi**
2 årsverk, 2 stillingar. Dekker heile fysioterapitilbodet i Ulvik herad, heradet har ingen driftsavtale med privatpraktiserande fysioterapeut.
Leverer individuell oppfølging med takst og eigendel, tilbod til bebuarar i institusjon, samt samarbeid med helsestasjon- og skulehelseteneste. Erfaringar frå 2025 der me i perioder har hatt redusert tilbod viser at det kan være rom for å redusere ressursane noko. Det er viktig å merke seg at 45% av tenesta er finansiert med eigendelar, refusjonar og fastlønstilskot. Ein reduksjon vil medføre eit kutt i tilbod som ikkje er proporsjonalt med innsparte midlar. Det vil seie at for kvar krone me kuttar i kommunal finansiering, tapar me tenestetilbod til innbyggjarane som er verd 1,8 kroner.

**240 – 2413 ØHD**
Ulvik herad har sagt opp sitt samarbeid med Voss, Vaksdal, Kvam og Eidfjord kring ØH-senger på Voss. Tilbodet dekker UH sitt ansvar etter hol §3-5.
Nytt tilbod er under planlegging med oppstart 01.01.2026. Det blir ikkje lagt opp til nye årsverk. Tilbodet må løysast innanfor tilgjengelege årsverk ved Ulvik Omsorgstun.

**240 – 2415 Kommunepsykolog**
Ulvik herad har ingen eigne tilsette. Interkommunalt samarbeid sikrar ein ressurs tilsvarande 0,2 årsverk. Samarbeidet er med på å dekker heradet sitt ansvar etter hol §3-2.

**240 – 2420 Nav, kommunal stilling**
0,8 årsverk, 1 stilling. 0,3 av desse er finansiert med statlege integreringsmidlar og er særleg retta mot oppfølging av flyktningar.
Stillinga dekker sosial rådgjeving, sosialhjelp, og nødhjelp. Midlertidig busetting og bustadsosialt arbeid. Gjeld- og økonomisk rådgjeving. Bustøtteoppfølging. Kontostyring/frivillig forvaltning. Psykososialt kriseteam.

**240 – 2421 Flyktningtenesta**
1 årsverk, 1 stilling.
Fullfinansiert av integreringsmidlar. Psykososialt kriseteam, busetting, koordinering av tenester til flyktningar, oppfølging av rettar etter integreringslova. Samarbeider tett med kommunal Nav-stilling, og har nokon overlappande oppgåver.

**240-2425 Kommuneoverlege**
0,35 årsverk, 1 stilling. Tidlegare kommuneoverlege er gått av med pensjon. Det er budsjettert med 0,35 årsverk til ny funksjon i samarbeid med Eidfjord. Samarbeidet er i skrivande stund i prosess, og det er ikkje vedteke.
Kommuneoverlegen er ein sektorovergripande overordna funksjon som for tida er organisert under

helse og velferd. Har oppgåver innan beredskap, smittevern, miljøretta helsevern, utøving av mynde, medinskfagleg rådgjeving, folkehelse og sakshandsaming.

**240 – 2530 Ulvik Omsorgstun**
20,71 årsverk. Dette inkluderer avdelingsleiar som har fag- og personalansvaret for 30-40 tilsette, stedfortredarfunksjon for kommunalsjef, ansvar for dagtilbod, framtidige omsorgsbustader, representerer i samhandlinga og helsefellesskapet, og ei rekke administrative og faglege oppgåver kring tenestetilbodet. Årsverka omfattar 8 sjukepleiarstillingar, som dekker sjukepleieberedskap på døgnbasis året rundt, samt fleire fagfunksjonar: fagsjukepleiar, kreftkoordinator, demenskoordinator, systemansvarlege, smittevernansvarleg, lab-ansvarleg. Sjukepleiarane bidreg og inn i heimesjukepleien når det er behov for sjukepleiarkompetanse. Øvrige årsverk går til bemanning av 14 sjukeheimsplassar, med stillingar for både sjukepleiarar, helsefagarbeidarar, og ufaglærte.

**240 - 2531 Kjøkken**
3,99 årsverk, 6 stillingar. Kjøkkenet tilbyr mat til bebuarar på omsorgstunet, heimebuande, kantinedrift og catering. I fleire år har ein hatt skulemåltid 4 dagar i veka. Årsverk inkluderer kjøkkenleiar som har personalansvar, fagleg leiing og fleire administrative oppgåver deriblant systemansvar. Kjøkkenet følgjer opp fleire arrangement, samt seniortreff.

**240 – 2571 Omsorg pluss**
0,2 årsverk, 1 stilling. Etablering av 7 omsorg-pluss plassar vart vedteke i plan for berekraftig omstilling for helse og velferd i 2024. Det vart sett av midlar i 2025 til ein eigen ressurs for å følgje opp plassane. Denne er redusert til 0,2 årsverk for 2026. Ressursen skal syte for klesvask, stell av fellesareal og ha ansvar for at omsorg pluss plassane er ein god plass å bu. Pleieoppgåver og medisinsk oppfølging blir løyst gjennom dei ordinære tenestene – heimesjukepleie etc.

**240 – 2573 Tenester til menneske med nedsett funksjonsevne**
0 årsverk, 0 stillingar. Ulvik herad har fleire kommunale tiltak til menneske med nedsett funksjonsevne som til dømes bemanna bustad. Hausten 2025 har me omorganisert delar av eit tiltak. I utgangspunktet var planen å tilsette eigen ressurs i 0,2 – 0,4 årsverk som kunne gje eininga kompetanse på psykisk utviklingshemming og følgje opp tiltaka. Noko av tanken var å bygge kompetanse i eigen organisasjon som del av ein langsiktig strategi for tenesteområdet. Dette finn me ikkje rom for innanfor rammene, og ideen er skrota.

**240 – 2580 Heimesjukepleie**
4,29 årsverk, 5 stillingar. Inkluderer leiar for heimebaserte tenester som har fag- og personalansvar for fysioterapi, ergoterapi, tildelingskontoret, heimesjukepleie, og praktisk bistand. Dette omfattar 13 tilsette per 10.25, inkludert vikarar.

**240 – 2581 Praktisk bistand**
1 årsverk, 2 stillingar.

**240 – 2584 Psykisk helse og rus**

1 årsverk, 1 stilling. Fagansvarleg psykisk helse og rusarbeid. Klinisk arbeid, fagleg ansvar. Representasjon eksternt og deltaking i ulike faglege prosessar internt og eksternt. Tverrfagleg samarbeid.

**240 – 2582 Ergoterapi**
0,6 årsverk, 1 kombinasjonsstilling (tildelingskontoret). Klinisk arbeid, hjelpemiddelsentral, tverrfagleg samarbeid.

**240 – Sjukeheim adm.**
**240 – Heimebaserte adm.**
*I budsjettet for 2025 vart desse lagt fram i eige punkt i budsjettdokumentet.*
*For 2026 er årsverka presentert under tenesteområda 2530 og 2580.*

**KOSTRA-tal**
Årsverk omsorgstjenestene – [Kjelde: 14534: Årsverk i omsorgstjenestene, etter region, stillingstype, utdanning, statistikkvariabel og år. Statistikkbanken]

Tabellen under syner kor mange årsverk Ulvik herad har i helse og omsorgstenestene om ein samanliknar med Kostra-gruppe 14, som er kommunar ein kan samanlikne seg med.
Ulvik herad har eit vesentleg lågare tal årsverk totalt sett, og for sjukepleiarar enn Kostragruppa har.




**241 – Spira: Barne og familieeining**
3,7 årsverk, 6 stillingar totalt.
1209 Administrasjon 1 årsverk Leiar Spira, Barnevernsleiar.
2021 PP-teneste 0,7 årsverk, 2 stillingar Familirettleiar og PPT-rådgjevar.
2320 Helsestasjon og skulehelseteneste 1 årsverk, 1 stilling Helsesjukepleiar
2440 Barnevern 1 årsverk, 1 stilling Barnevernspedagog
2335 Barnekoordinator 0,4 årsverk, 1 stilling Barnekoordinator. Denne blir kutta frå februar 2026.

**1209 Administrasjon**
Stillinga har overordna ansvar for Spira med personal-, fag- og økonomiansvar.
Er direkte involvert i brukarretta arbeid både i barnevern og førebyggande arbeid. Kontaktpunkt og ansvarleg for heradet sitt «små-saman» samarbeid kring barnevern, og formell rolle som barnevernsleiar i heradet.

**2021 PP-teneste**
PP-tenester etter lov og forskrift. Eigen ressurs til familierettleiing. Logopedkompetanse.
2320 Helsestasjon, skulehelseteneste og jordmor
Fagleg ansvar for helsestasjon og skulehelseteneste etter lov og forskrift. Tverrfagleg samarbeid, deltek i fagleg utvikling internt og eksternt. Tenestyting på helsestasjon sentrumsbygget, på skulen, i barnehagen og på produksjonsskulen.
Ulvik herad har ikkje tilsett eigen jordmor, men er tilknytt eit samarbeid med Voss sjukehus og får jordmorressurs til våre innbyggjarar gjennom dette.

**2440 Barnevern**
Sakshandsaming, undersøkingar, oppfølging av fosterheim, plasseringar med meir i samarbeid med barnevernsleiar. Samarbeider tett med nettverket små-saman. Utgjer barnevernstenestene for Ulvik herad etter lov og forskrift.

**2335 Barnekoordinator og BTI**
Barnekoordinator for Ulvik herad etter hol §7-2a. Har ansvar for oppfølging av BTI-modellen, og BTI-rettleiaren i Ulvik herad. Fungerer som leiar for tverrfagleg team.

### 4.1.2.3 Mål for økonomiplanperioden

| Målområde | Mål | Tiltak | Indikatorar |
|---|---|---|---|
| Budsjettkontroll | Auka inntekter | Nye satsar og gebyr i gebyrheftet for 2026 | Bokført inntekt, budsjettbalanse |
| Budsjettkontroll | Kostnadskontroll og budsjettdisiplin | Regelmessig gjennomgang i leiargruppe helse og velferd, tiltaksmøter i leiagruppe helse og velferd før tertialrapportering. | Budsjettbalanse |
| Budsjettkontroll | Forbetring av styringsdata | Etablere rutinar for å dra nytte av rapporteringsfunksjonar i nye og eksisterande fagsystem | Rapporterte styringsdata |

| Målområde | Mål | Tiltak | Indikatorar |
|---|---|---|---|
| Tenesteutvikling/leveranse | Betre samhandling og koordinering av tenester | Deltaking i prosjekt X - Voss lokalsjukehusområdeRepresentasjon i helsefellesskapetSamarbeidsmøter med spesialisthelsetenesta | Brukarundersøkingar, tilbakemeldingar frå samarbeidspartnarar |
| Tenesteutvikling/leveranse | Auka innsats for førebyggande arbeid retta mot eldre | Etablere førebyggande heimebesøk for eldreOppretthalde seniortreffet og samarbeid med frivillige | Gjennomføring, tal brukarar |
| Tenesteutvikling/leveranse | Betre tverrfagleg samarbeid | Vidareutvikling av tverrfagleg team: retningslinjer, representasjon og leiing.Vidareutvikling av BTI-rettleiar og samhandlingsmodellKompetanse- og rutineutvikling internt - koordinerande eining, IP og koordinatorfunksjonar.Etablere gode rutinar for samarbeid, teieplikt og koordinering. | Gjennomførte møter i tverrfagleg team.Bruk av indiviuell plan og ansvarsgrupper.Brukarundersøkingar |
| Tenesteutvikling/leveranse | Kvalitetsforbetring i eininga | Brukarundersøkingar, implementering av pakkeforløp og nasjonale rettleiiarar, vidareutvikling av fagfunksjonar.Vidareutvikling av internkontrollsystem og rutinar | Oppdaterte rutinar og revisjonsplan i internkontrollsystem, resultat brukarundersøkingar. |
| Tenesteutvikling/leveranse | Auka innsats mot utanforskap | Kommunalt lønstilkotPartnarskapsmøter med Nav vestlandSamarbeid med statlege tenester i NavLivsmeistringskurs for utsette grupper | Tal sosialhjelpsmottakarar og arbeidsledige.Tal brukarar kommunalt lønstilskot.Gjennomføring og tal brukarar livsmeistringskurs. |
| Tenesteutvikling/leveranse | Eit godt tenstetilbod for personar med psykisk uhelse eller rusvanskar. | Temaplan for psykisk helse og rusarbeid | Vedteke plan |
| Tenesteutvikling/leveranse | Utvikle og implementere organisering av det bustadsosiale arbeidet Ulvik herad | Bustadsosial plan | Vedteke plan |
| Tenesteutvikling/leveranse | ØHD-tilbod som oppfyller lovkrav | Implementering av ØHD-tilbod ved Ulvik omsorgstun | Gjennomføring, tal brukarar |
| Tenesteutvikling/leveranse | Fleire omsorgsbustader | Oppstart Omsorg pluss første kvartal 2026 | Gjennomføring, tal brukarar |
| Tenesteutvikling/leveranse | Dagaktivitetstilbod i tråd med lovkrav | Re-oppstart av tilbodet. | Gjennomføring, tal brukarar |
| Tenesteutvikling/leveranse | Ha ei føremålstenleg organisering av kommuneoverlegefunksjon | Inngå samarbeid med Eidfjord.Implementere ny rettleiar for kommuneoverlegefunksjon | Inngått avtaleEtablerte rutinar og organisering, tilbakemeldingar. |

| Målområde | Mål | Tiltak | Indikatorar |
|---|---|---|---|
| Tenesteutvikling/leveranse | Oppfylle lovkrav om miljøretta helsevern | Vidare arbeid med interkommunalt samarbeid | Inngått avtale.Gjennomførte tilsyn.Godkjente tilsynsobjekt. |
| Tenesteutvikling/leveranse | Robust daglegevakt | Vidareutviklge samarbeid med Eidfjord om daglegevakt og bakvaktfunksjonar | Inngått avtale, bruk. |
| Digitalisering | Alle system skal ha oppdaterte databehandlaravtalar, gjennomført DPIA og ROS. | Gjennomgang og tiltaksplan innan andre kvartal 2026 | Utarbeida oversikt.Gjennomførte tiltak. |
| Digitalisering | Nytt fagsystem EPJ | Implementering av Aidn | Nytt system i drift utan avvik. |
| Digitalisering | Digitale søknader helse og velferd, bustadsosial bistand | Innføring av husbanken sitt fagsystemInnføring av Aidn | Nye system i drift, innkomne søknader. |
| Digitalisering | God og lett tilgjengeleg informasjon | Revisjon av nettsiderInnføring av tenestestandard | Gjennomføring, tilbakemeldingar. |
| Beredskap | God organisering av psykososialt kriseteam og EPS | Faste møterKompetansegeving - øving og kriseteamskuleOppdaterte rutinarSamarbeidsmøter med legevakt og andre kommunar | Gjennomførte møter, øvingar og kurs. |

### 4.1.2.4 Tenesteproduksjon

**Organisering av tenestene i 2026**

**Spira: Barne- og familieeininga**
Omfattar PPT, barnevern, helsestasjon og skulehelseteneste. Budsjett, økonomi- og personaloppfølging ligg under helse og velferd. Faglege mål og tenesteproduksjon ligg til oppvekst og blir omtala der.
Spira jobbar saman med helse og velferd for å sikre god flyt mellom tenestene og godt samarbeid. 2025 har vore eit innføringsår og eininga er i overgang til ordinær drift. Realiteten er at drifta er dyrare enn ein hadde sett føre seg ved oppstart. Særleg på tiltakssida. Eit viktig mål blir å sikre at alle tiltak er naudsynte og føremålstenlege, og eventuelt endre der det er mogleg og relevant. Spira ynskjer seg meir ressursar til PPT, men det er avgrensa rom for oppauke.
Barnmekoordinatorstillinga er kutta frå februar og vil føre til auka belastning på andre tenester då oppgåvene må fordelast.

Krisesenter er organisert i samarbeid med Bergen kommune.

**Omsorgstunet**
Drifta på omsorgstunet har stabilisert seg etter endringane i 2024. For 2026 blir det viktig å komme så raskt som mogleg i gang med tilbodet om omsorgsplassar i tidlegare skjerma fløy, inkludert tilpassingar av bygget for betre demensomsorg på somatisk avdeling.  Dagaktivitetstilbodet for personar med demens har lenge vore ute av drift og skal startast opp att. ØHD-senger skal i drift og vil krevje ein innsats, og det skal implementarast eit nytt fagsystem der alle tilsette må få opplæring. I tillegg skal ein i gang med anskaffing av nytt pasientvarslingsanlegg. TØRN-arbeidet må vidare

bli fulgt opp og det er kontinuerleg forbetringsarbeid kring turnus og arbeidstidsplanlegging. Samla er det planlagt høg belastning på alle administrative og faglege ressursar ut over kjernedrift. Det er rom for noko supplement av prosjektressursar som kan avhjelpe noko om det er mogleg å rekruttere folk.
Parallelt skal pågår generelt forbetringsarbeid i tenestene og arbeidsmiljøarbeid inkludert 10-faktor.

**Heimebaserte tenester:**
Endringane i 2025 har fungert godt og leiar for heimebaserte tenester følgjer opp ergo, tildeling, fysio, heimesjukepleie og heimehjelp på ein god måte. Det blir også her mykje arbeid med implementering av fagsystem og nyanskaffing, særleg kring pasientvarslingsanlegg og skifte av plattform for velferdsteknlogi. For fysioterapi har det vore eit turbulent år i 2025 og me ser fram til stabilitet i 2025 med ny fagansvarleg fysioterapeut og begge stillingar i full drift. Ergoterapi er me sårbare på, og ved fråvær blir det brudd i tenesteytinga. Det er ikkje lagt inn tiltak for å utbetre dette då det er ikkje er rom for fleire stillingar. Heimehjelp/praktisk bistand skal bli meir strukturert med digitale arbeidslister i nytt fagsystem og vaktplanlegging. Heimesjukepleie held i stort fram som før, men ein ser på moglegheiter for å redusere bemanning på dagtid i vekedagane. Nye bilar er på plass og me vonar det vil verke positivt på trivsel og arbeidsmiljø. Tildelingskontoret skal innføre digital sakshandsaming og implementere tenestestandard.

**Legekontor og legevakt**
Legekontoret har gått gjennom ei stor endring då Unni Solem slutta i løpet av 2025. Det medfører endringar og ein overgang til noko nytt. Så langt går dette greit, men det er kapasitetsutfordringar med leiing og administrasjon etter endringa, men med ny merkantil funksjon og endringar i arbeidsmåtar er planen at dette skal gå seg til. PÅ medhjelparsida har ein slitt med lite folk og dårleg tilgang på vikarar gjennom 2025. Digital vaktplanlegging er på trappene, og det er tilsette som er på veg inn att i stillingane sine slik at dette bør gå seg til i løpet av 2026. På legesida er det stabilt. Me jobbar mot utviding av samarbeid med Eidfjord kommune for å bygge meir robuste tenester i begge kommunar og held fram med dette i 2026. Listetaket for fastlege er framleis 1200, men listene er fulle grunna ein netto tilførsel av fastlegepasientar frå nabokommunar. Lungesjukepleiar held fram med faste dagar på legekontoret i 2026. Det blir gjort forsøk på å få til ei satsing på diabetes gjennom prosjektmidlar.

**Kommuneoverlege**
Det er lagt fram sak om interkommunalt samarbeid med Eidfjord kommune om kommuneoverlegefunksjon. Samarbeidet har eventuelt oppstart 01.01.2026. For 2025 blir det viktig å arbeide med implementering av ny nasjonal rettleiar. Ny kommuneoverlegefunksjon i 35% stilling blir nyttig for heile heradet.

**Psykisk helse og livsmeistring**
Nav, psykisk helse og rusarbeid, og flyktningteneste er frå 2025 samlokalisert på sentrumsbygget med felles leiing og arbeidsmiljø. Dette har fungert fint og blir vidareutvikla i 2026. Målet er å få til eit "tverrfagmiljø" der dei tilsette reduserer risiko for belastningar som følgje av åleinearbeid, og har kollegaer å støtte seg på sjølv om ein jobbar primært med litt ulike ting. Belastninga på psykisk helse og rusteneste er høg - jamnt over 20 brukarar. Flyktningtenesta har redusert frå tidlegare 1,5 årsverk til 1 årsverk i 2025, og gjennom samareid med andre tenester samt utedrift samfun og plan fungerer dette greit og blir vidareført. Sosialtenestene reduserte frå 1 årsverk til 0,8 årsverk i 2025, noko som og blir vidareført i 2026.

**Institusjonskjøkken**

Kjøkkenet må gjennom ei endring i 2026. Ein stilling er kutta og ein må legge om vaktplanen for å få drifta til å gå opp. Konkret betyr det mindre helgebemanning. Det er lagt opp til relativt stor auke i prisar og gebyr for tenester frå kjøkkenet.

**Leiing og administrasjon**

Plan for berekraftig omstilling helse og velferd la opp til ein leiarstruktur med god dekning for å sikre alle tilsette tilgjengelege leiarar med kapasitet til både administrative oppgåver, fagutvikling, oppfølging av HMT-arbeid. Dei økonomiske rammene har tvinga eininga til å redusere ambisjonsnivået. Det vil primært gå ut over kapasiteten til fagleg utvikling, oppfølging av sentrale reformar og strategisk arbeid. Eininga kjem i 2025 til å ha : kommunalsjef, avdelingsleiar omsorgstunet, leiar for heimebaserte tenester, kjøkkenleiar og leiar for Spira. Fleire av stillingane går delvis i drift. Leiar for legekontoret er per i dag ein funksjon kombinert med kommuneoverlege, som vil gå av med pensjon i 2025. Det er ikkje avklart korleis dette skal løysast, og det er ikkje budsjettmidlar til noko større leiarfunksjon der. Det er ikkje økonomisk rom for å tilsette eigen leiarfunksjon for sosiale tenester og integrering.
Me har ingen rein merkantil funksjon i budsjettet for 2025, i nokon del av eininga. Tildelingskontoret har til saman 1 årsverk fordelt på 2 stillingar som tek seg av skjenkesaker, sakshandsaming, og vederlagsberekning.

**Eksternt samarbeid**

Sjå kommuneoverlegesamarbeid i eige punkt over.
Samarbeid med Voss, Vaksdal og Eidfjord om kommunepsykolog blir vidareført.
Samarbeid med Voss, Vaksdal og Eidfjord om friskliv og meistring blir vidareført.
Interkommunalt legevaktsamarbeid blir vidareført.
Samarbeid om miljøretta helsevern har blitt jobba med over lang tid, men budsjetterte midlar er teken ut av budsjett for 2026. Det blir jobba vidare mot ei løysing frå budsjettåret 2027, men det er ikkje lagt inn midlar i økonomiplanen.
Samarbeid med Voss, Kvam, Vaksdal og Eidfjord om ernæringsfysiolog blir vidareført. Samarbeidet blir primært finansiert gjennom prosjektmidlar.

**Samhandling**

Det blir viktig å få til ei god etablering av ØHD, og involvere både nabokommunar som deltek i legevaktsamarbeidet og spesialisthelsetenestene i dette.

Eininga deltek i "prosjekt X" saman med Voss sjukehus og Kvam, Voss, Eidfjord og Vaksdal. Prosjektet er del av arbeidet med ny helsereform og forankra i helsefellesskapet. HOD styrer rammene for prosjektet og både KS og RHF følgjer dette tett.

Helse og velferd er representert i helsefellesskapet i ei rekke fora, og arbeider der med å følgje opp strategi og arbeid på tvers av kommunegrensene og forvaltningsnivå. Ulvik har representasjon i 5 underutval, områdeutvalet, fagleg samarbeidsutval, og utval for akutt beredskap.

Kommunalsjef helse og velferd er leiar for områdeutvalet i Voss lokalsjukehusområde og deltek i

kommunalsjefnettverket for Voss lokalsjukehusområde saman med Voss, Kvam, Vaksdal og Eidfjord. Dette bidreg til godt samarbeid og tett dialog.

### 4.1.3Internkontroll og tilsyn

Helse og velferd er førebels ikkje kjend med tilsyn som skal gjennomførast i 2026. Tilsyn gjennomført i 2025 blir rapportert i årsmeldinga.

| Mål | Tiltak | Indikatorar |
|---|---|---|
| Godt arbeidsmiljø | HMT-handlingsplanLokalt-amuOppdatert HMT-handbokFøremålstenleg leiarstrukturGod bemanningsplanleggingRobust organiseringHMT-handlingsplanarVernerundarRegelmessige personalmøter for alle tilsettePartssamarbeid kring turnusplanlegging | Sjukefråvær og eigenmeldingarAvviksmeldingarGjennomføring av HMT-handlingsplanar.Overtid og vikarkostnader |
| God internkontroll | Opplæring i avviksmeldingar og bruk av internkontrollsystemROS-analysar med tiltak | Gjennomførte ROS-analysarBruk av avvikssystemet |

# 5 Samfunn og plan

## 5.1 Tenesteproduksjon

### 5.1.1 Økonomisk oversikt og mål for planperioden

#### 5.1.1.1 Økonomi

**§5-4-2 løyvingsoversikt per eining**

| Beskrivelse | Regnskap 2024 | Budsjett 2025 | Budsjett 2026 | Budsjett 2027 | Budsjett 2028 | Budsjett 2029 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Samfunn og plan | | | | | | |
| Driftsinntekter | -13 870 000 | -12 319 000 | -14 791 000 | -16 295 000 | -17 129 000 | -18 338 000 |
| Driftsutgifter | 37 707 000 | 31 071 000 | 31 441 000 | 30 609 000 | 30 607 000 | 31 331 000 |
| Netto | 23 837 000 | 18 752 000 | 16 649 000 | 14 314 000 | 13 479 000 | 12 993 000 |

Oppgraderingsplanen for bygg og for veg, samt VA-planen er førande for investeringane i 2026, men løysing som vert valgt for barnehage vil og styra investeringane framover. Ein har prøvd å samla dei fleste investeringane i desse planane.

Minimalt med generelt vedlikehald gjer at det ikkje vert stort rom for innhenting av etterslep. Likevel kan ein sei at bygningsmassen og andre tekniske installasjonar i Ulvik er generelt god stand, sett vekk frå enkelte bygg.

Kaiar og bruer er og noko som etter kvart pressa seg fram. Køyretøy eller andre tyngre installasjonar på kaien (dampskipskaia) framfor Heradshuset må ein unngå, og det må og vuderast om heile kaien bør stengast. Ein spesialinspeksjon i løpet av 2026 vil avgjera dette.

Vidareføring av prosjekt som ikkje er ferdige i 2025 vil koma som ei eige sak.

**Omsorgstunet**

I samband med omlegging av drift er det behov for å gjera endringar i bygget og utearealet for å få til ei optimal drift for den nye bruken av bygget. Ein er no i siste søknadsprosessen for å få dette godkjent, slik at arbeidet kan gjennomførast i første halvdel av 2026.

Det har etter ekstremværet Jakob vorte oppdaga lekkasje fleire plasser i taket på omsorgstunet. Arbeidet med å retta opp i dette vert gjennomført i 2025 og 2026. Heile taket må av og nytt sutak på plass for å hindra fleire lekkasjar. Skifer vert lagt opp igjen våren 2026.

**Veg, vatn og avløp**

VA-planen er ferdig og vedteken politisk. Investeringsbudsjettet er i samsvar med planen, men VA Hjelmavoll er tatt ut av budsjettet for 2026 sidan dette bustadfeltet ikkje er realisert endå.

Innan veg, bruer, kaiar osb. må det gjennomførast ein spesialinspeksjon for bruer og kaiar. Dette er

eit arbeid som er vorte skubba fram i tid ei stund. I 2025 vart gjennomført ei kartlegging. Den viser:

Dampskipskaia 1 har kritiske skadar. Her er det observert skadar og manglar av kritisk betyding for bereevne og trafikktryggleik, mellom anna:

- svært omfattande armeringskorrosjon,
- avskalling og sprekkdanning på hovudbjelker og tverrbærarar.
- ny spesialinspeksjon anbefalast snarast.

Osa bru 2 har kritiske skadar: Det er observert skadar av betyding for brua sin bereevne og trafikktryggleik.

Osa bru 2 og 1: Det er observert mellom anna:

- betongplateelement har avskalling med armeringskorrosjon (bru 1 mindre enn bru 2),
- rekkverket reknast ikkje som køyresterkt,
- tilstøytande vegrekkverk manglar.

### Sentrumsutvikling

Reguleringsplanen for sentrum er klar og ein kan gå vidare og koma i gang med sentrumsutvikling. Stein i samband med kraftutbygginga til Hardanger Energi vil vera eit bidrag i denne utviklinga. Ein må og ta høgde for høgde for samfinansiering med fylkeskommunen på dei punkta som gjeld offentleg veg, og eventuell endring av denne. Dette og andre investeringsprosjekt må og sjåast opp mot kva prioriteringar som vert gjort framover innan investering.

### Brannstasjon

Det er kjøpt tomt til brannstasjon. Planlegging av ny stasjon er så smått i gang, og ein vil koma tilbake med ei sak kring denne investeringa så snart ein har noko konkret å forhalda seg til, men det er lagt inn midlar til stasjonen i økonomiplanen for 2026-2029. Samlokalisering med Hardanger Energi AS vil avgjera både kostnad og løysing.

### Kyrkja

Det er naudsynt å kutta i utgiftene. Som eit tiltak kan heradet utføra ein del oppgåver for kyrkja for å redusera overføringar i kroner. Det er i 2026 lagt inn ein post for grunnundersøking etter tilråding frå Akasia som har utført ein vurdering av Ulvik kyrkje . Dette skal nyttast til å avklara om kyrkja sig, sidan det kan sjå ut som om den sig på sørsida i følgje rapporten. Denne investeringa kjem i tillegg til det ordinære tilskotet kyrkja får til drift, samt tilbodet om at heradet utfører oppgåver for kyrja innan gartnararbeid og reinhald for å halda overføringa til drift nede.

## §5-5-2 løyvingsoversikt investering per prosjekt

| Beskrivelse | Budsjett 2026 | Budsjett 2027 | Budsjett 2028 | Budsjett 2029 |
|---|---|---|---|---|
| Samfunn og plan 080126 SOP: Oppgraderingsplan bygg 2026-2029 | 17 250 000 | 8 750 000 | 8 750 000 | 8 750 000 |
| Samfunn og plan 080226 SOP: Brøyteskjær/V-plog hjullastar | 188 000 | 0 | 0 | 0 |
| Samfunn og plan 080326 SOP: Utstyr hjullastar/traktor | 0 | 0 | 250 000 | 0 |
| Samfunn og plan 080426 SOP: Kai heradshuset 2026-2029 | 125 000 | 3 125 000 | 3 125 000 | 625 000 |
| Samfunn og plan 080624 Kyrkja og kyrkjegard 2025-2028 | 375 000 | 0 | 0 | 0 |
| Samfunn og plan 080626 SOP: Bruer Osa 2027-2028 | 0 | 2 500 000 | 625 000 | 0 |
| Samfunn og plan 080726 SOP: VA-plan avlaup 2026-2029 | 9 125 000 | 2 188 000 | 8 063 000 | 2 750 000 |
| Samfunn og plan 080826 SOP: VA-plan vatn 2026-2029 | 8 875 000 | 8 938 000 | 8 313 000 | 1 250 000 |
| Samfunn og plan 080926 SOP: Oppgradering veg 2026-2029 | 973 000 | 1 685 000 | 938 000 | 938 000 |
| Samfunn og plan 081126 SOP: Forprosjekt grunnundersøking kyrkjebygg | 250 000 | 0 | 0 | 0 |
| Samfunn og plan 081226 SOP: Grunnundersøking reguleringsplanar 2026-2029 | 625 000 | 625 000 | 625 000 | 625 000 |
| Samfunn og plan 081626 SOP: Ny barnehage 2026-2028 | 18 750 000 | 18 750 000 | 3 125 000 | 0 |
| Samfunn og plan 090126 Innføring av eskatt | 90 000 | 0 | 0 | 0 |

Målet er framover er i hovudsak å får å få flest mogeleg av investeringstiltaka inn i oppgraderingsplanen slik at løyvingane vert meir oversiktlege og samla i større planar framover. Løysing for barnehage vil vera førande for investeringane framover, men lovpålagte krav som t.d ny brannstasjon må uansett på plass ila dei næraste åra. Om den blir samlokalisert med Hardanger Energi AS sitt prosjekt er førande både for tidspunkt og kostnad.

**Investeringsoversikt 2026-2029 - per tiltak**

| Investeringsbudsjett 101125 alt bhg | 2026 | 2027 | 2028 | 2029 |
|---|---|---|---|---|
| FIN: Innføring av e-skatt (033) | 90 204 | 0 | 0 | 0 |
| SOP: Alternativ barnehage (037) | 18 750 000 | 18 750 000 | 3 125 000 | 0 |
| SOP: Bruer Osa (005) | 0 | 2 500 000 | 625 000 | 0 |
| SOP: Brøyteskjær/V-plog hjullastar (002) | 187 500 | 0 | 0 | 0 |
| SOP: Forprosjekt minnelund (011) | 375 000 | 0 | 0 | 0 |
| SOP: Forsprosjekt grunnundersøking kyrkjebygg (010) | 250 000 | 0 | 0 | 0 |
| SOP: Grunnundersøking reguleringsplanar (012) | 625 000 | 625 000 | 625 000 | 625 000 |
| SOP: Kai Heradshuset (004) | 125 000 | 3 125 000 | 3 125 000 | 625 000 |
| SOP: Oppgradering veg (008) | 972 500 | 1 685 000 | 937 500 | 937 500 |
| SOP: Oppgraderingsplan bygg 2026-2029 (001) | 17 250 000 | 8 750 000 | 8 750 000 | 8 750 000 |
| SOP: Utstyr hjullastar/traktor (003) | 0 | 0 | 250 000 | 0 |
| SOP: VA-plan avlaup (006) | 9 125 000 | 2 187 500 | 8 062 500 | 2 750 000 |
| SOP: VA-plan vatn (007) | 8 875 000 | 8 937 500 | 8 312 500 | 1 250 000 |

## 5.1.1.2 Årsverk

### Årsverk

| Ansvar | Totalt antall årsverk | Faste | Midlertidige |
|---|---|---|---|
| 280 | 5,05 | 5,05 | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| 281 | 0,5 | 0,5 | |
| 282 | 2,15 | 2,15 | |
| 283 | 11,45 | 11,45 | |

Det har i 2025 ikkje vore gjort store endringar i organisasjonsstrukturen på samfunn og plan utanom at byggjesak er teke tilbake i eigenregi. Ein del tilsette har og fått endra oppgåver. Det har mangla planressurs ei tid, men målet er å ha den på plass tideleg i 2026.

280 teknisk administrasjon har i 2026 5,05 årsverk

Administrativt fagområde 150 %

Kommuneplan 100 % (vakant)

Byggjesak 100 %

Rådgjevar landbruk 60%

Rådgjevar skogbruk, vilt og fiske 60 %

Kommunale veg 35 %

281 brann, redning og førebyggjande har totalt 0,5 årsverk

Eininga er dimensjonert i tråd med ny dimensjoneringsforskrift frå 2022.

Brannvernkoordinator 18% stilling

16 brannkonstablar i 2% stilling kvar, kor av 4 utrykningsleiarar

Ulvik herad kjøpar brannsjef teneste frå Voss (interkommunalt samarbeid).

282 Vatn og avløp, har 2,15 årsverk

VA-ingeniør 65 % stilling

Driftspersonell VA 150% stilling

283 bygningsavdeling har 11,45 årsverk

Byggansvarleg 50 % stilling

Vaktmeister og parkanlegg 495 % stilling

Reinhald 600 % stilling inkludert leiande reinhaldar.

### 5.1.1.3 Mål for økonomiplanperioden

Mål i økonomiplanperioden

Samfunn og plan har eit stort fokus på kostnadseffektiv drift, og har ein stabil stab med dyktige medarbeidarar. Det vert og jobba med omdøme både internt og eksternt. Spesielt utedrift er den delen av kommunen som ofte er mest synleg i det offentlege rom. Orden og betre rutinar vert og eit fokusområde framover.

Med stadig høgare krav til planlegging og dokumentasjon, er det viktig å oppretthalde fagleg sterke medarbeidarar, noko som krev kurs og vidareutdanning av personale. Kursing er og noko som er ein

faktor innan 10-faktor som Samfunn og plan skal jobba med.

| | | |
|---|---|---|
| **Mål i økonomiperode 2025-2028 Samfunn og plan** | | |
| | | |
| **Mål** | **Tidsaspekt** | **vilkår** |
| Følgja opp vedtekne planar og vedtak, som til dømes kommuneplanen sin samfunnsdel | Heile 2026 | tilstrkekeleg bemanning og tilstrekkeleg kompetanse |
| å levera gode tenesta med kortsakshandsamingstid innanfor dei gitte råmar | kontinuerleg | tilstrkekeleg bemanning og tilstrekkeleg kompetanse |
| å få betre kontroll over økonomi i eininga og halde økonomiske resultat innanfor gitte råmar, via auka internkontroll og periodisk tertialrapportering | kontinuerleg i økonomiplanperioden | realistisk budsjettering, alternativt redusera mål og bemanning |
| å gjennomføre vedlikehaldsprosjekter i tråd med vedteken revidert vedlikehaldsplan for kommunale bygg | 2026-2027 | Prosjektera tidlegare på året, samt ha interne ressursar til å halda tråden i prosjekta |
| Ferdigstilla regulering av området Syselandet | Innan 01.05.2026 | Tilstrekkeleg bemanning og økonomi |
| Koma i gang med regulering av gamle sjukeheimen | Innan 01.03.2026 | Planleggjar på plass |
| å skaffe nytt drift- og overvåkingssystem på VA | Innan 1.06.2026 | Halda press på framdrifta i prosjektet |
| å gjennomgå og evt. reforhandle avtalar innan drift og vedlikehald av kommunale bygg og anlegg | innan 31.12.2026 | Tilstrekkeleg med ressursar |
| Kommuneplanarbeid | Heile 2026 | Tilstrekkeleg med ressursar |
| Vurdera behov for alle oppgåver/bygg ein utfører/eig som ikkje er naudsynt eller lovpålagt med tanke på kommunal drift | Heile 2026 | Tilstrekkeleg med ressursar |

### 5.1.1.4 Tenesteproduksjon

**Generelt er tilrådinga å prøva å utføra fleire oppgåver sjølv, slik at ein kan redusera bruken av konsulent og anna innleigd hjelp.**

Ansvarsområde 280 (administrasjon) Kurs prioritert jamfør 10 faktor undersøking.

Ansvarsområde 281 (brann) Normal drift om lag som i 2024

Ansvarsområde 283 (Bygg) Kurs prioritert jamfør 10 faktor undersøking.

## Gebyrsatsar

Målet framover er å komma nærare sjølvkost for gebyr innan byggesak, oppmåling og plan. Dette er naudsynt med tanke på økonomien til heradet. Etter fleire år med 3 % auke er gebyra er dei i framlegg til gebyrhefte for 2026 er fleire satsar justert opp 50 %. Timepris er justert ned til eit meir korrekt nivå. Nokre gebyr er og statleg regulert. Målet er framleis reduserte kostander grunna redusert konsulentbruk.
Det er lagt opp til mindre endringar i prisane på leige av Finse skule. Osafjellsvegen er auka med 25 %, medan folkebadet får ingen auke i 2026.

Gebyra på vatn- og avløp er styrt av kommunedelplan for avløp og vert justert i samsvar med denne. Feiing får og ei eige justering som er større enn auken i andre avgifter.

Husleige for kommunale bustadar vert indeksregulert kvart år pr. 1.mai. Ved inngåing av nye avtalar er husleiga justert litt opp.

### Plan, byggjesak, kart og oppmåling

Oppmåling vert utført av ekstern firma, men det fritar ikkje heradet heilt for arbeid likevel. Byggjesak er no ei teneste utført i eigenregi. Sjølv om ein klarar å redusera kostandane vil ein neppe oppnå sjølvkost innan denne tenesta i 2026. Ei auke i gebyret vil likevel bedra forholdet mellom utgifter og inntekter. Oppmåling må framleis leigast 100 %, då ein mangla både personell og utstyr til å utføra dette arbeidet. Ein har til no ikkje lykkast å få til ein samarbeid med nabokommuanne innan dette fagfeltet, men dette vil verta jobba vidare med i 2026.

Arealplanen sin samfunnsdel er ute på høyring og vil verta vedteken i 2026. Denne planen er førande for anna planarbeid framover. Slik det ser ut no vil ny planleggjar vera på plass ila tidleg 2027. Dette skal redusera konsulentbruken innan plan, samt bidra til eit bedre planverk for heradet.

### Klima og miljøarbeid

Klima ein sentral del av risikobiletet i framtida. Me kan venta auka nedbør, meir ekstremvêr, temperaturendringar og andre gradvise endringar som kan få store konsekvensar for helse, landbruk, reiseliv, samferdsle, bygg, anlegg og naturmangfald. Dette gjev nye utfordringar for planlegginga og eit nytt risiko- og sårbarheitsbilete som påverkar samfunnsutvikling, næringsliv og kvardagslivet til folk. Samstundes vil det vera eit stort potensial for auka verdiskaping og næringsutvikling i utvikling av gode løysningar for klimatilpassing. Eksisterande leidningsnett for overvatn vil i framtida vera ei utfordring sidan den no ikkje er dimensjonert for dei nedbørsmengdene som vil komma. Overvakingssystem på t.d VA vert no oppgradert for å tåla utfall av nett/straum betre enn det gjorde under stormen Amy. Dette arbeidet vil pågå inn i 2026.

Samfunnsdelen av kommuneplanen gjev klare føringar på at me skal bidra til å nå berekraftsmåla. Me skal handla no for å motverka klimaendringane og konsekvensane av desse.

Det grøne skiftet krev omstilling med vekst, innanor naturens tålegrensar og overgang til tenesteyting som gjev mindre negative konsekvensar på klima. Dette er omfattande og ressurskrevhande tverrsektorielt arbeid.

Samfunn og plan har ikkje ein eigen ressurs til å følgja opp dette arbeidet.

## Landbruk/jordbruk/skogbruk

Innanfor *jordbruk* er det no 40 % stilling i Ulvik herad, og 20 % stilling vert leigd ut til Eidfjord kommune. I 2017 var stillinga på 80 % innanfor jordbruk i Ulvik herad, altså det dobbelte av det den er i dag, medan jobben er den same. Innanfor produksjonstilskot vert det handsama om lag 60 søknadar, med 2 søknadsfristar kvart år. I tillegg kjem det mellom anna søknadar om regionalt miljøtilskot, tilskot om avlingssvikt, tilskot til tiltak i beiteområder, tilskot til spesielle miljøtiltak og tilskot til drenering av jordbruksjord. Heradet lagar ferdigattestar i saker som Innovasjon Norge løyver. Sakshandsaming innan jordlov og konsesjonslov, er og arbeidsoppgåver landbrukskontoret gjer.

Fagområdet *«skog»* dekker kommunale ansvarsområde og arbeidsoppgåver innan skogbruk, tilskotsforvalting, utmarksforvaltning, motorferdsel i utmark og på Rallarvegen, vilt- og fiskeforvalting, sekretariat for viltnemnda, vassmiljø, regionalt planarbeid knytt til Hardangervidda og Nordfjella, og anna prosjektarbeid mv. Aktuelle døme på det siste er regionale sti- og løypeplaner og kommunedelplan for naturmangfald finansiert med tilskot frå Miljødirektoratet. Kontoret har dei seinaste åra hatt redusert bemanning grunna permisjonsavvikling og vassområdeforvalting, noko som har medført eit lite etterslep på planoppgåver knytt til skogbruk og viltforvaltning. Skrantesjuke (CWD) har òg medført endra rutinar og meir arbeid innan viltforvaltninga.

Fagfeltet er bredt samansett med kontinuerleg behov for fagleg påfyll/oppdatering.

Heradet har og lovpålagde oppgåver innanfor veterinærtenester. Veterinærvaktordninga er eit samarbeid med kommunane Eidfjord, Vaksdal, Modalen og Voss herad. Sistnemnde har vertsrolla. Dei statlege tilskota innan denne ordninga varierer år for år, difor varierer og summen heradet må setja av.

Tenestene ved landbrukskontoret er i hovudsak finansiert med overføringar frå næringsfondet.

## Ulvik kaianlegg og gjestehamn

Ulvik herad har anløp av passasjerbåtar, særleg i sommarsesongen, på kaien ved Heradshuset. Heradet har begynt å krevja inn avgift for slike anløp, for å dekke kostnader med å drive eiga/eigne hamn(er) på ein forsvarleg og god måte. Inntektsnivå i 2025 har vore betre enn tidlegare og ein legg opp til at dette vert vidareført i 2026.

Kva som er høvleg avgift innan er vanskeleg å sei, men dette er eit viktig tilbod med tanke på anna næringsliv i heradet. For den kommunale økonomien har desse inntektene mindre betydning, og gratis hamn er og noko som kunne vore vurdert som eit tiltak for å marknadsføra Ulvik som ein attraktiv plass å besøkja med båt. Ein har ikkje lagt opp til justering i år. Dessa midlane vert nytta til vedlikehald/utvikling og drift av gjestehamna. Det har tidlegare ikkje vore noko eigen sats for veke og månad i prislista for hamn.

Administrasjon foreslår difor å vidareføra gebyrsatsar for 2025 og i 2026:

Hamneavgift: kr 150.- per døgn

Hamneavgift + straum: kr 180.- per døgn

Servicebygg (toalett og dusj) kr 30.-

Hamneavgift + straum + servicebygg: kr. 200.- per døgn.

Hamneavgift + straum + servicebygg: kr 1.200,- per veke.

Hamneavgift + straum + servicebygg: kr 4.000,-. pr månad.

## Vatn og avløp

Heradet har ein gjeldande kommunedelplan for vann, avløp og miljø frå 2024 til 2030, med handlingsplan for perioden. Prosessen med installering av nytt driftsovervåkingssystem pågår og vert fullført tidleg 2026.

Ulvik herad har eit kommunalt vassverk (i Osa). Vassverket blei etablert i 2001. Vassverket har god kapasitet og leverer godt drikkevatn. Vassbehandlinga består av desinfisering med UV-bestråling og dosering av vassglas for pH-justering. UV-aggregatet fungerer fint, råvatnet er reint utan turbiditet og med berre litt innhald av kalk. Utfordring er at pumpane bør bli skifta etter ca. 20 år, altså i 2021, dette arbeidet er no starta og held fram inn i 2026.

Delar av heradet har per i dag ikkje ei tilfredsstillande vassforsyning. Det gjeld både drikkevassforsyning og til sløkkevatn.

Delar av leidningsnettet må skiftast ut. I Prestegardsfeltet er det behov for sanering både av vass- og avløpsleidningar. Vassleidningane på feltet har til dels små dimensjonar og vert oppgradert for å kunne sikre tilstrekkeleg brannvassdekning. Sanering vert utført med ein del av årlege avsette midlar til utskifting av leidningsnett. Dette tiltaket er ikkje starta, me satsar på å ta heile vegen når me først startar på dette. Tiltak innan VA følgjer ellers i hovudsak VA-planen.

På avløpssida er det framleis stadig behov for nye tiltak på nettet. Tiltak som er jobba med inn i 2025 er pumpekum på Heradskaien og luktreduksjon på Hjeltnes. Ein vonar å få dette fullført i november og så starta leiting etter framandvatn, overvatn og takvatn utover i 2026.

## Kommunale vegar

Heradet har gjeldande vedlikehaldsplan for oppgradering av kommunale vegar, denne planen følgjast i planperioden. Vegdekke er i grove trekk relativt bra i heradet. Ein legg også opp til ein nøktern bruk av midlar til asfaltering i 2026 og litt meir fokus på grøfter, stikkrenner og overvatn. Klimaendringar gjer at ein må ha litt investeringsmidlar til veg kvart år framover.

## Kommunale bygg og anlegg

### Straumforbruk

Me har eit mål å ha betre kommunale bygg og redusera straumforbruk, og er i gang med overgang til LED lys i fleire bygg. Dette, saman med andre tiltak og tett oppfølging av forbruket vonar ein skal gje ein gevinst på sikt.

### S-bygget og storsal

Prøvedrifta er over og møterom/storsal er aktivt i bruk. Det er framleis mindre ting som skal utbetrast. Slik det ser ut no vert tannlegekontoret lagt ned i 2026, og ein må vurdera å bruka lokalet

til andre kommuanle tenester som til dømes Spira. Når tannlegekontorprosessen til fylkeskommunen er avslutta vil ein koma tilbake til dette i ei eiga sak.

Ulvik Omsorgstun

Ferdigstilling av tak vert gjort i 2026. Arbeidet vert ikkje dekka av garanti eller forsikring. Ombygging invendig og av uteområde slik at omsorg+ kan verta satt satt i gang er og planlagt tideleg i 2026. Ut over desse tiltaka er det var forventa minimalt behov for vedlikehald dei næraste åra på Ulvik omsorgstun, men drifta av bygget har forholdsvis høge løypande kostnader, grunna mange ulike system og anlegg som skal samkøyrast, og som treng vedlkehaldsavtalar.

Skule og barnehage

Her har me framleis fokus på tryggleik og utbetringar slik som tidlegare år, samt oppgradering av bygningsmassen. Overgang til LED vert det også jobba med. Naudsynte tiltak på fasade skule er og planlagt i 2026.

Kostnadane med utbetring etter hærverk er høge, og det vert jobba med å redusera desse utgiftene i lag med skulen. Rutinar for handtering av dette er på plass.

Ny barnehage på dagens tomt er ei eige sak som vert handsama i samband med budsjettet for 2026. Politisk avgjersle i denne saka avgjer kva ein skal jobba vidare med i 2026. Administasjonen vil ha stort fokus på brukarinvolvering i prosessen vidare uavhengig av kva som vert avgjort.

Brann/brannstasjon

Me opprettheld vårt lokale brannkorps, men kjøper brannsjef-funksjon, varabrannsjef-funksjon, branntilsyn, førebyggjande og anna overordna brannfagleg kompetanse frå Voss herad.

Me fortsett med lovpålagde kurs og kompetanse for brannmannskapane etter behov.

Det er kjøpt tomt til brannstasjon, og det vert jobba vidare med ny stasjon i 2026. Dette vil koma som ei eige sak når kostnaden med ny stasjon er klar. Om stasjonen vert samlokalisert med Hardanger Energi AS sin kraftstasjon er enno ikkje avklart.

Utedrift/vaktmeisterteneste

Det er ikkje lagt opp til ekstraordinære tiltak på utedrift i 2026 ut over oppgradering av brøyteutstyr for å få til eit meir effektivt arbeid. Målet er å redusera kostnader ved å utføra flere oppgåver sjølv. Kursing er nøkkelen til å få dette til.

### 5.1.2 Internkontroll og tilsyn

Samfunn og plan har hatt dokumenttilsyn innan landbruksforvaltning og matrikkel/oppmåling i 2025. Resultata av desse tilsyna er ikkje kome endå, men vil vera klare i slutten av året eller tidleg i 2026.

Internkontroll er eit kontinuerleg arbeid. Det kjem inn ein del avvik gjennom avvikssystemet compilo, noko som viser at systemet fungerer. Truleg er det likevel ein del hendingar som ikkje vert registrert i systemet slik dei skal. Dette må ein jobba med å forbetra i 2026.

Arbeid med stoffkartotek er ikkje ferdig. Dette er ei kontinuerleg oppgåve som en og må jobba vidare med i 2026.